

Forvaltningsrevisjon | Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vedlikehold og inneklima i fylkeskommunale bygg



«Vedlikehold og inn klima i
fylkeskommunale bygg»

Mai 2016

Rapporten er utarbeidd for Sogn og
Fjordane fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no

Samandrag

I samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, har Deloitte gjennomført ein forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg. Prosjektet er avgrensa til å fokusere på skulebygg.

Revisjonen har gått gjennom aktuell dokumentasjon frå fylkeskommunen, og det er gjennomført til saman ni intervju i samband med forvaltningsrevisjonen. Vidare er det gjennomført ei elektronisk spørjeundersøking til rektorar og hovudverneombod ved alle dei vidaregåande skulane i fylkeskommunen, samt ei spørjeundersøking retta mot elevråda ved dei vidaregåande skulane.

Undersøkinga viser at skulebygga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane i all hovudsak har eit fysisk miljø som er i samsvar med krav i opplæringslova kapittel 9a, og i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Vidare er det revisjonen si vurdering at ansvarsdelinga mellom eigar, forvaltar og brukarar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet, er tydeleg. Fylkeskommunen har også god oversikt over tilstanden til bygga, og undersøkinga viser at det i liten grad er eit vedlikehaldsetterslep knytt til bygningsmassen.

Samtidig viser undersøkinga at fylkeskommunen på enkelte område har eit forbetningspotensial. Det er revisjonen si vurdering at fylkeskommunen per i dag ikkje har etablert eit tilfredsstillande internkontrollsystem for å sikre at skuleeigar og skuleleiarane sine oppgåver i medhald av forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular blir ivareteke. Til dømes føreligg det per i dag ikkje felles retningslinjer eller rutinar som skildrar ansvar og oppgåver knytt til helseverngodkjenning av skulebygga, og revisjonen meiner dette medfører ein risiko for manglande etterleving av krav som går fram av forskrifta.

Det er etablert ein felles mal for enkeltvedtak som skal nyttast i tilfelle der elevar eller foreldre ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve. Basert på rektorane sine svar i spørjeundersøkinga som er gjennomført, stiller likevel revisjonen spørsmål ved om det alltid blir fatta enkeltvedtak i tilfelle der det blir bedt om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve. Eventuelle manglande enkeltvedtak er ikkje er i samsvar med krav i oppl. § 9a-2, og det er viktig at fylkeskommunen sikrar at krav i opplæringslova blir etterlevd.

Det er vidare revisjonen si vurdering at fylkeskommunen per i dag ikkje har eit tilfredsstillande avvikssystem knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga. Sjølv om det i all hovudsak blir gitt uttrykk for at det er tydeleg korleis og til kven avvik skal rapporterast, er avvikssystemet per i dag for lite formalisert, og sikrar ikkje at alle avvik blir registrert, følgt opp og meldt tilbake om til den som har meldt frå om avviket i første omgang. Revisjonen meiner difor det er positivt at det blir opplyst at fylkeskommunen ved anskaffing av nytt FDV-system er opptatt av at eit slikt system også skal innehalde ein avvikskomponent som legg til rette for at brukarane av bygget kan registrere avvik direkte i systemet, og få tilbakemelding når avviket er lukka.

Revisjonen meiner fylkeskommunen bør vurdere å operasjonalisere måla som er sett for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid, for å bidra til eit tydelegare styringsgrunnlag. Når det gjeld universell utforming, synast fylkeskommunen etter revisjonen si vurdering å ha god oversikt over status for universell utforming ved dei vidaregåande skulane i fylket. Undersøkinga viser også at det både frå skulane og bygge- og eigedomstenesta si side er fokus på å sikre at bygga i størst mogleg grad blir tilpassa og innreia slik at det blir tatt omsyn til eventuelle elevar med funksjonshemmingar. Samtidig meiner revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide ein strategi for det vidare arbeidet med å sikre universell utforming ved skulebygga.

Innhald

Samandrag	3
1 Innleiing	7
2 Om tenesteområdet	10
3 Regeletterleving fysisk miljø	13
4 Internkontrollsystem	28
5 Verdibevarande vedlikehald	40
6 Universell utforming	48
7 Konklusjon og tilrådingar	54
Vedlegg 1: Høyringsuttale	55
Vedlegg 2: Revisjonskriterium	55
Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	63

Samandrag	3
1 Innleiing	7
1.1 Bakgrunn	7
1.2 Føremål og problemstillingar	7
1.3 Avgrensing	8
1.4 Metode	8
1.5 Revisjonskriterium	9
2 Om tenesteområdet	10
2.1 Om bygningsmassen i Sogn og Fjordane fylkeskommune	10
2.2 Organisering	11
3 Regeletterleving fysisk miljø	13
3.1 Problemstillingar	13
3.2 Revisjonskriterium	13
3.3 I kva grad har det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg ein tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane, jf. opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-2?	14
3.4 Er det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular om reinhald (§ 13), inneklima/luftkvalitet (§ 19) og sanitære forhold (§ 23)?	18
3.5 Er fylkeskommunen sine skulebygg godkjent i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 6?	24
3.6 Er det etablert system og rutinar for å sikre at saka blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, dersom ein elev eller forelder ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, jf. oppl. § 9a-2?	26
4 Internkontrollsystem	28
4.1 Problemstillingar	28
4.2 Revisjonskriterium	28
4.3 Er det ei tydeleg ansvarsdeling mellom eigar, forvaltar og brukar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet?	29
4.4 I kva grad er det sett mål og/eller etablert lokale standardar for det fysiske miljøet i skulebygga?	33
4.5 Har fylkeskommunen oversikt over tilstanden til skulebygga, og eventuelle endringar i tilstanden?	34
4.6 Har fylkeskommunen eit velfungerande avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga?	36
5 Verdibevarande vedlikehald	40
5.1 Problemstillingar	40
5.2 Revisjonskriterium	40
5.3 I kva grad er det eit vedlikehaldsetterslep knytt til fylkeskommunale skulebygg, og kva konsekvensar har eit eventuelt vedlikehaldsetterslep?	41
5.4 I kva grad er vedlikehaldsarbeidet knytt til skulebygga løpande og førebyggjande?	45
6 Universell utforming	48
6.1 Problemstillingar	48
6.2 Revisjonskriterium	48

6.3	I kva grad har fylkeskommunen oversikt over status for universell utforming ved skulebygga, og planar for eventuelle utbetringar?	49
6.4	I kva grad blir skulane innreia slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemmingar, jf. oppl. § 9a-2?	51
7	Konklusjon og tilrådingar	54
	Vedlegg 1: Høyringsuttale	55
	Vedlegg 2: Revisjonskriterium	55
	Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur	63

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune i sak 32/15, og prosjektplan for forvaltningsrevisjonen vart godkjent i sak 40/15, 1. oktober 2015.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøkje i kva grad Sogn og Fjordane fylkeskommune har føremålstenlege system og rutinar for å ivareta eit godt og verdibevarande vedlikehald av fylkeskommunale skulebygg. Vidare har det vore eit føremål å undersøkje i kva grad fylkeskommunen etterlever regelverk, og følgjer opp eventuelle fylkeskommunale målsettingar og vedtak, som omhandlar det fysiske miljøet i skulebygga.

Med bakgrunn i føremålet vart det formulert følgjande problemstillingar:

1. **I kva grad etterlever fylkeskommunen regelverk som gjeld det fysiske miljøet på dei vidaregåande skulane i fylket?**
 - a. I kva grad har det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg ein tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane, jf. opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-2?
 - b. Er det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular om reinhald (§ 13), inneklima/luftkvalitet (§ 19) og sanitære forhold (§ 23)?
 - c. Er fylkeskommunen sine skulebygg godkjent i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 6?
 - d. Er det etablert system og rutinar for å sikre at saker blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, dersom ein elev eller forelder ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, jf. oppl. § 9a-2?
2. **Har fylkeskommunen eit internkontrollsystem som bidrar til å sikre eit godt fysisk miljø på dei vidaregåande skulane?**
 - a. Er det ei tydeleg ansvarsdeling mellom eigar, forvaltar og brukar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet?
 - b. I kva grad er det sett mål og/eller etablert lokale standardar for det fysiske miljøet i skulebygga?
 - c. Har fylkeskommunen oversikt over tilstanden til skulebygga, og eventuelle endringar i tilstanden?
 - d. Har fylkeskommunen eit velfungerande avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga?

3. I kva grad sikrar fylkeskommunen eit verdibevarande vedlikehald av skulebygga?

- a. I kva grad er det eit vedlikehaldsetterslep knytt til fylkeskommunale skulebygg, og kva konsekvensar har eit eventuelt vedlikehaldsetterslep?
- b. I kva grad er vedlikehaldsarbeidet knytt til skulebygga løpande og førebyggjande?

4. I kva grad tilfredsstillir skulebygga krav til universell utforming?

- a. I kva grad har fylkeskommunen oversikt over status for universell utforming ved skulebygga, og planar for eventuelle utbetringar?
- b. I kva grad blir skulane innreia slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar, jf. oppl. § 9a-2?

1.3 Avgrensing

Sogn og Fjordane fylkeskommune er eigar av ein bygningsmasse som hovudsakleg består av skulebygg samt enkelte administrasjons- og kulturbygg. Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle skulebygg. Forvaltningsrevisjonsprosjektet har ikkje omfatta målingar av inneklima, eller andre fysiske undersøkingar av bygningsmassen.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet november 2015 til februar 2016.

1.4.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar er gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare er informasjon om fylkeskommunen sine system og rutinar, samt dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon er vurdert opp mot revisjonskriteria.

Statistikk frå Kostra og resultat frå elevundersøkinga er også nytta som bakgrunnsinformasjon og for å belyse problemstillingane.

1.4.2 Intervju

Revisjonen har gjennomført intervju med ni utvalde personar i fylkeskommunen. Frå bygge- og eigedomstenesta vart bygge- og eigedomssjefen, overingeniør med ansvar for vedlikehaldsarbeidet i fylkeskommunen, samt tre driftsleiarar intervjuet. Frå opplæringsavdelinga vart assisterande fylkesdirektør for opplæring intervjuet. I tillegg intervjuet vi rektorane ved Årdal vidaregåande skule, Mo og Øyrane vidaregåande skule og Måløy vidaregåande skule.

1.4.3 Spørjeundersøking

Revisjonen har utarbeidd og sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle rektorar og hovudverneombod ved dei vidaregåande skulane i fylket.¹ Vi har òg utarbeidd og sendt ut ei kortare elektronisk spørjeundersøking til elevrådsleiarane ved dei vidaregåande skulane i fylket. Spørjeundersøkingane er nytta for å kartleggje brukarane si oppleving av tilstanden til skulebygga. Spørjeundersøkingane er også nytta til å kartleggje eventuelle tilfelle der det fysiske miljøet ved skulane har hatt negativ innverknad på elevane si helse, trivsel og/eller læring, samt korleis slike saker eventuelt har blitt handtert på skulane. Som det går fram av

¹ Ein av rektorane hadde berre vore tilsett som rektor i om lag to månader på undersøkingstidspunktet, noko som kan ha påverka svara på enkelte spørsmål i undersøkinga.

tabell 1, svara alle rektorane og verneomboda på undersøkinga, medan ni av 12 elevråd svara. Totalt gir dette ein svarprosent på 91,67 %.

Tabell 1: Svarprosent, spørjeundersøkingane

	Rektorar	Verneombod	Elevrådsleiarar	Totalt
Mottakarar av undersøkinga	12	12	12	36
Mottekne svar	12	12	10	34
Svarprosent	100 %	100 %	83,33 %	94,44 %

Av praktiske omsyn vart spørjeundersøkinga til elevråda sendt til elevrådsleiarane. Desse vart imidlertid oppmoda om å svare i fellesskap med dei andre elevrådsrepresentantane, og eventuelle elevrepresentantar i andre råd og/eller utval ved skulane. Av dei ti elevråda som svarte på undersøkinga rapporterte fire at elevrådet svarte i fellesskap, fem svarte at elevrådsleiar svarte åleine, medan det i siste tilfellet var nokre spørsmål som vart svart på av elevrådsleiar, medan nokre spørsmål vart svart på av elevrådet i fellesskap.

1.4.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuar for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Rapportutkast er sendt til fylkesrådmannen for verifisering og høyring. Faktafeil som blei påpeikt i samband med verifiseringa er retta opp i endeleg rapport. Fylkesrådmannen sin høyringsuttale er lagt ved rapporten.

1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.² I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova (oppl.), folkehelselova med forskrifter, diskriminerings- og tilgjengelegheitslova, og kommunelova. I tillegg har revisjonen utleia revisjonskriterium knytt til vedlikehald og vedlikehaldsetterslep frå relevante st.prp., rettleiarar og rapportar frå faglege instansar. Kriteria er presentert innleiingsvis under kvart hovudtema, og nærare i vedlegg 2 til rapporten.

² RSK 001.

2 Om tenesteområdet

2.1 Om bygningsmassen i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Ifølgje tal frå KOSTRA disponerer Sogn og Fjordane fylkeskommune per 31.12.2014 ein bygningsmasse på 152 611 m² til føremålsbygg. Av dette eiger fylkeskommunen 134 518 m², medan 18 093 m² er leigd. 142 597 m² av bygningsmassen er ifølgje tal frå KOSTRA skulebygg. Av dette eiger fylkeskommunen 126 016 m², medan de resterande 16 581 m² er leigd.^{3 4}

Skulebygga er fordelt på 12 vidaregåande skular. Fylkeskommunen eiger dei fleste skulebygga. Unnataka er ein del av bygningsmassen til Sogndal vidaregåande skule og to bygg tilhøyrande Mo og Øyrane vidaregåande skule. I tabell 2 nedanfor er skulane lista opp, med tal bygg, eigedomstilhøve, samt kva driftseining i bygge- og eigedomstenesta som har ansvaret for byggmassen.⁵

Tabell 2: Oversikt over vidaregåande skular i Sogn og Fjordane⁶

Nr.	Skule	Elevar	Tal bygg/fløyer	Eigedomstilhøve	Driftseining
1	Dale	164	9	Eigd	Sunnfjord
2	Eid	382	8	Eigd og delt	Nordfjord
3	Firda	384	6	Eigd og delt	Nordfjord
4	Flora	558	8	Eigd	Sunnfjord
5	Hafstad	587	4	Eigd	Sunnfjord
6	Høyanger	142	7	Eigd	Sunnfjord
7	Mo og Øyrane	509	29	Eigd og leigd	Sunnfjord
	<i>Avd. Mo</i>		20	<i>Eigd</i>	
	<i>Avd. Øyrane</i>		9	<i>Eigd og leigd</i>	
8	Måløy	304	8	Eigd	Nordfjord
9	Sogn jord- og hagebruksskule	--	12	Eigd	Sogn
10	Sogndal	774	11	Eigd og leigd	Sogn
	<i>Studieforberedande</i>		4	<i>Leigd</i>	
	<i>Yrkeskule</i>		6	<i>Eigd og leigd</i>	
	<i>Idrettshall</i>		1	<i>Eigd</i>	
11	Stryn	283	5	Eigd og utleigd	Nordfjord
12	Ardal	223	8	Eigd og utleigd	Sogn

³ Den øvre bygningsmassen er administrasjonsbygg.


⁴ Tala for areal som er referert her er henta direkte frå KOSTRA, og er ikkje ytterlegare bearbeida av revisjonen. Unntaket er tal for leigd skuleareal, som er berekna ved å trekke eigd areal frå totalt areal.

⁵ Sjå avsnitt 2.2 og 4.3.1 for oversikt over organiseringa av driftseiningane som ligger under bygge- og eigedomstenesta.

⁶ Oversikta er satt saman av informasjon frå nettstaden til bygge- og eigedomstenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune, tilsendt informasjon for fylkeskommunen, samt tal frå KOSTRA.

I figur 1 er samla areal på skulelokalar i m² per elev for dei tre siste åra vist for Sogn og Fjordane, Vest-Noreg og landet utan Oslo. Som det går fram i figuren, har Sogn og Fjordane gått frå 34 til 33 m² skulelokalar per elev frå 2012 til 2014, medan Vest-Noreg har auka frå 23 til 24 m², og landet utan Oslo har auka frå 24 til 25 m² i same periode.

Figur 1: Samla areal på skulelokalar i m² per elev



(Kjelde: KOSTRA)

2.2 Organisering

Fylkestinget i Sogn og Fjordane er *eigar* av den fylkeskommunale bygningsmassen, medan fylkesrådmannen er *tingar* av tenester knytt til bygningsmassen. Den fylkeskommunale bygge- og eigedomstenesta er *leverandør* av tenester.⁷ Denne rolla omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service (FDVUS), og å skaffe naudsynte bygg og eigedomar til fylkeskommunen sine aktivitetar. *Brukarane* av bygga er dei ulike tenestene som nyttar eigedomane. I dette prosjektet er brukarane dei 12 vidaregåande skulane.

Bygge- og eigedomstenesta er leia av bygge- og eigedomssjefen, som rapporterer til assisterande fylkesrådmann. Frå 01.01.2015 er driftseiningane i bygge- og eigedomstenesta organiserte i tre driftseiningar, ei i kvart distrikt i fylket (Sogn, Sunnfjord og Nordfjord), med ansvar for bygga i dei respektive distrikta.⁸ I kvar driftseining er det ein driftsleiar og fleire driftsoperatørar.⁹ Driftsoperatørane er i utgangspunktet stasjonert ved faste skular. Bygge- og eigedomssjefen opplyser i intervju at han har jamlege møte med driftsleiarane. Slike møte er viktige både for å sikre oppfølging av driftsleiarane frå bygge- og eigedomstenesta si side, og for å samordne verksemda i dei tre distrikta.


⁷ Jf. vedtak i sak 41/01 i Fylkestinget. I den aktuelle saka vart det slått fast at bygge- og eigedomstenesta skal vere organisert som eit eige resultatområde som ei eining direkte underlagt fylkesrådmannen. Rollene er også attgjeve i årlege oppdragsbrev frå fylkesrådmannen til Bygge- og eigedomstenesta.

⁸ Jf. notat frå Fylkesrådmannen *Bygge- og eigedomsforvaltninga – felles organisering for driftsteknisk personell* (Leikanger, 12.06.2014). Fram til 2015 var vaktmeistrane ved Årdal, Førde og Sogndal ein del av bygge- og eigedomstenesta, og bygge- og eigedomssjefen hadde fag- og personalansvar for driftsteknikar ved Årdal og dei tilsette i driftsteama i Førde og Sogndal. Vaktmeistrane ved dei andre institusjonane var tilsett ved den respektive skule.

⁹ Driftsoperatørane ivaretek vaktmeisterfunksjonen, og hadde under tidlegare organisering til dels stillingsbenemninga «vaktmeister».

Bygge- og eigedomstenesta har 36 tilsette, inkludert mellom anna bygge- og eigedomssjefen og tilsette i kvar av dei tre driftseiningane. Organisasjonskartet for bygge- og eigedomstenesta er attgjeve i figur 2:

Figur 2: Organisasjonskart for bygge- og eigedomstenesta



3 Regeletterleving fysisk miljø

3.1 Problemstillingar

I dette kapitlet blir det gjeve svar på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad etterlever fylkeskommunen regelverk som gjeld det fysiske miljøet på dei vidaregåande skulane i fylket?

- a. *I kva grad har det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg ein tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane, jf. opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-2?*
- b. *Er det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular om reinhald (§ 13), inneklima/luftkvalitet (§ 19) og sanitære forhold (§ 23)?*
- c. *Er fylkeskommunen sine skulebygg godkjent i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 6?*
- d. *Er det etablert system og rutinar for å sikre at saka blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, dersom ein elev eller forelder ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, jf. oppl. § 9a-2?*

3.2 Revisjonskriterium

Opplæringslova kapittel 9a fungerer som «elevane si arbeidsmiljølov». Av generelle krav i § 9a-1 går det fram at «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Vidare står det i § 9a-2, 1. ledd at «Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.» Av § 9a-2, 2. ledd går følgjande krav fram:

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Av § 9a-2, 4. ledd går det fram at skulen skal handsame saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve.

Av *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular* går det fram kva krav som gjeld spesielt for det fysiske miljøet i skular og barnehagar.¹⁰ Mellom anna blir det stilt krav om at kommunestyret skal godkjenne verksemdene (§ 6), og at dei skal vere helsemessig tilfredsstillande (§ 7). Vidare blir det stilt krav til forsvarleg reingjering og vedlikehald (§ 13), tilfredsstillande inneklima/luftkvalitet (§ 19), tilfredsstillande lydforhold og lysforhold (§§ 20 og 21), samt at dei sanitære forholda skal vere tilfredsstillande i utforming, kapasitet og standard

¹⁰ Statens Helsetilsyn (1998): *Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* IK-2619.

(§ 23). Av § 4 om ansvar og internkontroll, går det fram at verksemda sin leiar mellom anna har ansvar for å sikre at føresegna i eller i medhald av forskrifta blir etterlevd, og at verksemda sin eigar skal sjå til at det er etablert eit internkontrollsystem.¹¹ Av § 6 går det fram at søknad om godkjenning skal bli lagt fram for aktuell godkjenningssmynde når det føreligg plan for etablering, utviding eller endring av verksemda.¹²

(Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.)

3.3 I kva grad har det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg ein tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane, jf. opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-2?

3.3.1 Datagrunnlag

Det føreligg ikkje skriftlege vurderingar eller evalueringar av i kva grad det fysiske miljøet ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fremjar og/eller har ein tilfredsstillande verknad for elevane si helse, trivsel og læring.¹³ I intervju blir det i all hovudsak gitt uttrykk for at fylkeskommunen lukkast med å sikre at det fysiske miljøet i skulebygga er i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Både rektorar, driftsleiarar og andre tilsette i bygge- og eigedomstenesta gir uttrykk for at det generelt er eit godt fysisk miljø på dei vidaregåande skulane i fylket. Fleire peiker på at skulane og driftseiningane saman strekker seg langt for å sikre at elevane har eit godt fysisk læringsmiljø.

Samstundes peiker fleire på at det ved enkelte bygg er utfordringar knytt til eldre og underdimensjonerte ventilasjonsanlegg. Dette fører tidvis til dårleg inneklimate og feil temperatur. Ein rektor seier i intervju at inneklimate i ei undervisningsfløy ved skulen i periodar ikkje har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og/eller læringa til elevane. Assisterande fylkesdirektør for opplæring kommenterer i intervju at det ved den aktuelle skulen er planlagt utbetringar knytt til deler av bygningsmassen, og at all undervisning er flytta ut av det aktuelle bygget i påvente av slike utbetringar.

Assisterande fylkesdirektør for opplæring viser til at også i tilfelle der det er utfordringar knytt til det fysiske miljøet, blir det vurdert at det fysiske miljøet har tilfredsstillande verknad for elevane si helse, trivsel og læring. Det blir opplyst at det berre er mindre delar av bygningsmassen som er utfordrande, og dette blir følgt tett opp av bygge- og eigedomstenesta gjennom inneklimateundersøkingar mv. I slike tilfelle er ikkje alltid kvaliteten fullt så god som ønska, men den er likevel tilfredsstillande med tanke på den aktiviteten som skal gå føre seg. Det blir presisert at fylkeskommunen ikkje ønskjer å legge seg på minstekrava når det gjeld det fysiske miljøet. Difor tar dei tak i dei utfordringar som dukkar opp, sjølv om inneklimate framleis blir vurdert å oppfylle dei formelle minstekrava.

I spørjeundersøkingane til rektorar, verneombod og elevråd vart respondentane bedne om å ta stilling til ei rekkje påstandar om inneklimate og den fysiske tilstanden til skulebygget med omsyn til *helsa, trivselen og læringa* til elevane. Nokre av spørsmåla vart berre stilt til rektorar

¹¹ Internkontrollsystem er i § 3 i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular skildra som: «Systematiske tiltak som skal sikre og dokumentere at aktivitetene utøves i samsvar med krav fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift. De systematiske tiltakene skal være beskrevet i administrative prosedyrer.»

¹² Det er *kommunen* som ifølgje § 6 i forskrifta er godkjenningssmynde.

¹³ Revisjonen har fått tilsendt dokumentasjon med tilstandsvurderingar knytt til mellom anna vedlikehald og universell utforming, samt ei oversikt over skulebygga i Sogn og Fjordane der tilstanden på kvart bygg i ulike dimensjonar er spesifisert. Denne dokumentasjonen vil bli skildra og nytta som datagrunnlag til andre problemstillingar i denne forvaltningsrevisjonen.

og verneombod, medan ein del spørsmål var felles til alle respondentane. Svar på spørsmål relatert til høvesvis helse, trivsel og læring er gjengjeve i avsnitta nedanfor.

Helse

I spørjeundersøkinga vart rektorane, verneomboda og elevråda spurd om dei kjenner til døme på skadar, sjukdom, forverring av sjukdom, og helseplagar blant elevar, tilsette eller andre, som resultat av forhold som har med skulebygget å gjere.


- Ingen av respondentane kjende til situasjonar dei to siste åra der nokon hadde blitt *skada* på grunn av forhold som har med sjølve skulebygget å gjere.
- Eitt verneombod kjende til at to tilsette har blitt *sjuke* av å opphalde seg på skulen i løpet av dei to siste åra på grunn av forhold som har med sjølve skulebygget å gjere; ein tilsett har vore plaga av astma og hovudverk, og ein annan tilsett har hatt plagar med rennande nase. Ingen kjenner til døme på at *elevar* har blitt sjuke.
- Ingen av rektorane eller verneomboda kjende til døme på at elevar, tilsette eller andre som allereie er eller har vore sjuke, i løpet av dei siste to åra har fått *forverra helsetilstand* av å opphalde seg i skulebygget. Eitt elevråd opplyser at dei kjenner til fleire døme på elevar som har fått forverra forkjøling av å opphalde seg i skulebygget dei siste to åra.
- Ingen av rektorane kjende til at tilsette, elevar eller andre har fått ulike *plagar* av å opphalde seg på skulen dei to siste åra.¹⁴ To verneombod og tre elevråd kjende til slike døme. Verneomboda svarta at både elevar og tilsette har fått ulike plagar av å opphalde seg på skulen, og som eit døme skriv eit av verneomboda at «pga. dårleg luft klagar nokre elevar på tendensar til hovudpine i dei områda det er gamalt ventilasjonsanlegg.» Også dei tre elevråda som opplyser å kjenne til slike tilfelle, viser til at plagene det er tale om dreier seg om dårleg luft i klasseromma; mange elevar opplever å få hovudverk, migreaneanfall, trøttheit og oppleve slappheit som eit resultat av dårleg luftkvalitet og dårleg ventilasjon i klasseromma.

Trivsel

I spørjeundersøkinga vart rektorane, verneomboda og elevråda bedne om å ta stilling til påstanden om at *inneklimaet på skulen har negativ innverknad på elevane sin trivsel*. Som det går fram av figur 3, er totalt 17 av respondentane «heilt ueinig» i dette, sju var «delvis ueinig,» seks «delvis einig» og tre «heilt einig.» Svarta skiller seg noko mellom respondentgruppene; medan ni rektorar er «heilt ueinig» og tre er «delvis ueinig,» er det noko større variasjon i svarta frå dei andre respondentgruppene.

¹⁴ I spørsmålsformuleringa vart det spesifisert at desse plagene ikkje skulle kunne bli forveksla med sjukdom. Spørsmålet lød: Kjenner du til at elevar eller tilsette har fått ulike former for plager, som du likevel ikkje vil kalle sjukdom, av å opphalde seg på skulen dei siste to åra (som til dømes hovudverk eller liknande)?


Figur 3: Inneklimaet på skulen har negativ innverknad på elevane sin trivsel



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar, verneombod og elevråd. N=34)

Når det gjeld temperaturen i klasseromma vart respondentane i spørjeundersøking bedne om å ta stilling til ein påstand om at *elevane ofte er misnøgde med temperaturen i klasseromma*. Også her varierer svara noko mellom respondentgruppene. Som vist i figur 4 svarer totalt tre respondentar «heilt einig,» ti «delvis einig,» 16 «delvis ueinig» og fem «heilt ueinig». Høvesvis eitt verneombod og to elevråd seier seg «heilt ueinig,» tre elevråd, sju verneombod og seks rektorar «delvis ueinig,» tre elevråd, tre verneombod og fire rektorar «delvis einig», og to elevråd og eitt verneombod «heilt einig.»

Figur 4: Elevane er ofte misnøgde med temperaturen i klasseromma.



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar, verneombod og elevråd. N=34)

I intervju med driftsleiarane og rektorane kjem det fram at elevane tidvis klagar på inneklimaet i klasseromma, og at slike klagar særleg gjeld temperatur. Det blir vist til at kvar gong det kjem klagar på anten temperatur eller andre forhold knytt til inneklimaet frå elevane, gjer bygge- og eigedomstenesta målingar i klasseromma. I delar av bygningsmassen kan dei automatisk måle CO₂, temperatur og luftfuktigheit gjennom SD-anlegg (sentralt driftskontrollanlegg). I den resterande bygningsmassen blir det tatt stikkprøvar med flyttbare


målarar.¹⁵ Desse klimaloggarane kan måle temperatur, CO₂ og fukt. Bygge- og eigedomstenesta kan ta målingar og finne dei reelle verdiane, og slik vite om dei ligg innanfor eller utanfor dei faglege normene, både med omsyn til temperatur og inneklimate, og eventuelt setje i verk tiltak dersom det viser seg naudsynt.¹⁶

Frå bygge- og eigedomstenesta får revisjonen vidare opplyst at målet deira er å halde seg «godt innanfor» dei faglege tilrådingane knytt til temperatur (mellom 18°C og 21°C). Likevel kan temperatursvingingar utomhus til tider føre til at det blir litt kaldt eller litt varmt inne i bygga, og det kan ta noko tid å justere temperaturen.

Læring

I spørjeundersøkinga vart respondentane bedne om å ta stilling til påstanden om at *inneklimate på skulen har negativ innverknad på elevane si læring*. Svara er grafisk attgjeve i figur 5, både som total og for kvar respondentgruppe. Totalt er 18 av respondentane «heilt ueinig» i påstanden; blant desse er ni rektorar, fem verneombod og fire elevråd. Dei øvrige rektorane svarer «delvis ueinig», medan det er noko større variasjon i svara frå verneomboda og elevråda.

Figur 5: Inneklimate på skulen har negativ innverknad på elevane si læring



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar, verneombod og elevråd. N=34)

Rektorar, verneombod og elevråd blei også bedt om å ta stilling til påstanden *tilstanden til skulebygget er så dårleg at det har negativ innverknad på elevane sin læringssituasjon*. Til saman 33 respondentar svarte på spørsmålet, og av desse svarte 31 at dei er «heilt ueinig» i påstanden. Dette inkluderer alle rektorane og verneomboda. Eitt elevråd svarer «delvis ueinig» og eit anna elevråd svarer «veit ikkje».

Inneklimate ved skulane er ytterlegare omtalt i kapittel 3.4.

¹⁵ Klimaloggarane er relativt nye. Dei er mobile og kan t.d. bli plassert i eit klasserom. Tidlegare hadde bygge- og eigedomstenesta færre loggarar og måtte dele på desse mellom skulane. Bygge- og eigedomstenesta såg at det var viktig å ha tilgjengeleg tilstrekkeleg med loggarar då problema/spørsmåla om t.d. temperatur/inneklimate kan kome opp samtidig på ulike skular.

¹⁶ Med omsyn til klagar på inneklimate vart det nemnd i eit intervju at det stundom er dårleg *lukt* og ikkje dårleg *inneklimate* elevane faktisk reagerer på.

3.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser etter revisjonen si vurdering at skulebygga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane i all hovudsak har eit fysisk miljø i samsvar med krav i opplæringslova. Det blir vist til enkelte utfordringar særleg knytt til inneklimaet, men at desse blir fortløpande undersøkt og tatt tak i.

Revisjonen kan ikkje måle det fysiske miljøet sin verknad på elevane, og på den bakgrunn vurdere i kva grad det fysiske miljøet fremjar eller er tilfredsstillande med tanke på elevane si helse, trivsel eller læring. For å få *indikasjonar* på etterleving av regelverket med tanke på verknaden på elevane, har revisjonen stilt brukarar av skulebygga spørsmål om verknaden det fysiske miljøet har på elevar og/eller tilsette. Svara viser at det i all hovudsak er ei oppleving av at det fysiske miljøet ved skulane fremjar eller har tilfredsstillande verknad for elevane si helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §§ 9a-1 og 9a-2. Dette er etter revisjonen si vurdering positivt.

Samtidig er det eit mindretal som viser til utfordringar ved det fysiske miljøet som til tider kan verke negativt inn på elevane si helse, trivsel og/eller læring. Sjølv om det dreier seg om eit klart mindretal, og det ikkje føreligg dokumenterte samanhengar mellom det fysiske miljøet og eventuelle negative verknader på elevane, vil revisjonen presisere at det er skulen som må kunne dokumentere at det fysiske miljøet har *tilfredsstillande verknad* på elevane si helse, trivsel og læring, i tilfelle der det fysiske miljøet ikkje er i samsvar med faglege normer, jf. oppl. § 9a-2, andre ledd. For å sikre at det fysiske miljøet er innanfor faglege normer, eller har tilfredsstillande verknad for elevane si helse, trivsel og læring, også i tilfelle der det er manglar ved til dømes ventilasjonsanlegget, meiner revisjonen det er viktig at ein har særskilt fokus på å sikre at det er gode system for å overvake inneklimaet og følgje opp kva verknader det fysiske miljøet har på brukarane av bygget i desse tilfella. Dette er etter revisjonen si vurdering særleg aktuelt i tilfelle der det er planlagt utbetringar av bygget eller tekniske installasjonar, men bygget er i bruk til undervisningsføremål i påvente av slike utbetringar.


3.4 Er det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular om reinhald (§ 13), inneklima/luftkvalitet (§ 19) og sanitære forhold (§ 23)?

3.4.1 Datagrunnlag

Resultata knytt til fysisk læringsmiljø frå elevundersøkingane for åra 2012, 2013 og 2014 viser generelt at elevane ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane er noko meir nøgd og noko mindre misnøgd med lufta og temperaturen i klasserommet (inneklima), toalett, garderobe og dusj (sanitære forhold), samt reinhald og vasking enn det som er tilfelle elles i landet.

I figur 6 er svara på utvalde spørsmål knytt til fysiske miljøtilhøve i elevundersøkinga 2014 frå vidaregåande skular i Sogn og Fjordane attgjeve. Som det går fram av figuren er elevane i Sogn og Fjordane minst nøgd med lufta og temperaturen i klasseromma. Samtidig er det nasjonale snittet på desse områda dårlegare enn i Sogn og Fjordane; eit par prosentpoeng færre er «svært nøgd» eller «ganske nøgd,» og eit par prosentpoeng fleire er «lite nøgd» eller «ikkje særleg nøgd.» Også på dei områda der det nasjonale snittet er best, er elevane i Sogn og Fjordane meir nøgd; t.d. gjeld dette på tema knytt til reinhald og skulebygget generelt.

Figur 6: Elevundersøkinga 2014: «Er du nøgd med følgjande forhold på skulen?»



(Kjelde: Elevundersøkinga 2014, Sogn og Fjordane.)

Inneklima

Revisjonen har fått tilsendt ei oversikt med nøkkelinformasjon for skulebygga i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I denne inngår ei vurdering av inneklima for dei fleste bygga ved dei vidaregåande skulane i fylket på ein skala frå 0 til 3, der 0 er best og 3 er verst.¹⁷ I oversikta er det også ein snittskår for kvar skule med omsyn til inneklima, der heile bygningsmassen er vurdert under eitt på same skala. Det er denne som er gjengjeve i tabell 3 under.

Tabell 3: Inneklima på dei vidaregåande skulane


Nr.	Skule	Inneklima
1	Dale	1
2	Eid	0
3	Firda	1
4	Flora	1
5	Hafstad	1
6	Høyanger	1
7	Mo og Øyrane	
	Avd. Mo	2
	Avd. Øyrane	1
8	Måløy	1
9	Sogn jord- og hagebruksskule	2
10	Sogndal	1
	Studieforberedande	1
	Yrkesskule	1
	Idrettshall	1
11	Stryn	1
12	Årdal	1

¹⁷ Bygga som ikkje er vurdert med omsyn til inneklima er hovudsakleg bygg som er utleigd til andre, leigd frå andre, eller det er ulike driftsbygg som t.d. lager, garasje, stabbur, aggregatbygg, og liknande.

Som det går fram av tabellen, skårar dei fleste vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane 1 på vurderinga av inneklima; ein skule skårar 0, og to skårar 2.¹⁸

I spørjeundersøkingane vart rektorar, verneombod og elevråd bedne om å ta stilling til fleire påstandar knytt til inneklimaet i skulebygget.¹⁹ Som det går fram av figur 7 under, seier totalt 13 av respondentane seg «heilt einig» i at *inneklimaet på skulen samla sett er godt*, medan ti seier seg «delvis einig.» Ingen respondentar svarer at dei er «heilt ueinig». Som det går fram av figuren under, er rektorane i størst grad heilt einige i påstanden.

Figur 7: Samla sett er det eit godt inneklima på skulen



(Kjelde: Spørjeundersøkingar. N=34)


Rektorane vart i spørjeundersøkinga bedne om å vurdere standarden på innemiljøet i skulebygget.²⁰ Seks av rektorane valde svaralternativet som seier at innemiljøet i skulebygget har «veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slit og elde frå nybyggstandard. Ingen symptom på avvik.» Dei andre seks rektorane valde svaralternativet som seier at innemiljøet i skulebygget har «god tilfredsstillande standard, der alle lovar og forskrifter er ivareteke. Noko slitasje og elde frå nybyggstandard.»

¹⁸ Merk at dette er den samla skåren for skulane. På skular der det er stor skilnad mellom bygga med omsyn til inneklima kan ein skår på 1 skjule bygg med skår på 3 og/eller skår på 0.

¹⁹ For å sikre samanliknbarheit mellom skulane, vart respondentane bedt om å ta stilling til dei ulike påstandane for det som reknast som skulen sitt hovudbygg, eit bygg der det føregår undervisning.

²⁰ Svaralternativa til spørsmålet er henta frå tilstandskategoriene i NS3424.


Figur 8: Korleis vil du vurdere ...



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar. N=12.)

Respondentane vart òg bedne om å ta stilling til meir spesifikke påstandar knytt til inneklimaet ved skulen, som ventilasjon, temperatur og fukt.²¹ I samband med førstnemnde seier høvesvis seks og fem av rektorane seg «heilt einig» og «delvis einig» i påstanden om at *ventilasjonen i bygget er bra*, medan den siste rektoren seier seg «delvis ueinig.» Som i førre påstanden om det samla inneklimaet, er det også her noko skilnad mellom rektorane og verneomboda; av verneomboda seier fire seg «heilt einig» og fire seier seg «delvis einig» i påstanden, medan tre seier seg «delvis ueinig». Av elevråda svarar høvesvis tre «heilt einig,» tre «delvis einig,» tre «delvis ueinig» og eitt «heilt ueinig.» Svara på dette spørsmålet er grafisk presentert i figur 9 nedanfor.

Figur 9: Ventilasjonen i bygget er bra



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar, verneombod og elevråd. N=34.)

Ein liknande tendens kjem også fram når rektorar, verneombod og elevråd vart bedne om å ta stilling til påstanden om at *det er ingen problem med fukt inne i skulebygget*. Til dette seier høvesvis ni og tre av rektorane seg «heilt einig» og «delvis einig,» medan ti av verneomboda

²¹ Svara knytt til temperatur er skildra i avsnitt 3.3.1.

er «heilt einig» eitt er «delvis einig» og det siste er «delvis ueinig.» Seks av elevråda er «heilt einig,» eitt elevråd er «delvis ueinig,» to er «heilt ueinig» og eitt svara «veit ikkje.»


I spørjeundersøkinga fekk respondentane anledning til å kome med utfyllande kommentarar knytt til sine vurderingar av inneklima i skulebygget. Av dei som valde å skrive utfyllande kommentarar var det særleg utfordringar knytt til ventilasjonsanlegga og temperaturregulering som var dei to gjennomgangstema. I tillegg vart det nemnd at det er dårleg inneklima som følgje av at nokre bygg er av eldre dato.²² Ein rektor seier i intervju at eitt bygg på skulen truleg ikkje oppfyller dei faglege normene knytt til inneklima.

Sanitære forhold

I tilstandsbarometeret frå 2013 er dei sanitære forholda i skulebygga vurdert på ein skala frå 0 til 3 (vurderingsskalaen frå NS3424),²³ der 0 er best og 3 er verst. Langt dei fleste skulebygga skåra anten 0 eller 1, ein del skåra 2, og to skåra 3.

Som det går fram over, viser resultat frå elevundersøkinga i 2014 at elevane i hovudsak er nøgd med dei sanitære forholda. I spørjeundersøkinga vart respondentane bedne om å ta stilling til ein påstanden om at *dei sanitære anlegga på skulen som er tilgjengelege for elevane har tilfredsstillande standard*. Som det går fram av figur 10, seier totalt 19 av respondentane seg «heilt einig» i dette, fordelt på ti rektorar, ni verneombod og åtte elevråd. Fire seier seg «delvis einig,» og av desse er det ein rektor, tre verneombod og eitt elevråd. Ein rektor sa seg «delvis ueinig.» Ingen respondentar svarte «heilt ueinig».

Figur 10: Dei sanitære anlegga på skulen som er tilgjengelege for elevane har tilfredsstillande standard



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar, verneombod og elevråd. N=34)

Respondentane vart også bedne om å ta stilling til var om *det er eit tilstrekkeleg tal toalett og vaskar på skulen som er tilgjengelege for elevane*. Også her var svara hovudsakleg positive; totalt 18 av respondentane sa seg «heilt einig,» fordelt på ti rektorar, åtte verneombod og alle dei ti elevråda som svarte på spørjeundersøkinga. Fire sa seg «delvis einig,» og av desse var det ein rektor og tre verneombod. Ein rektor og eitt verneombod sa seg «delvis ueinig.» Ingen svarte «heilt ueinig».

Også i intervju blir det gitt uttrykk for at det er god kontroll på dei sanitære forholda, og at det på skulane generelt er god kapasitet og standard på sanitært utstyr. Det blir kommentert at ikkje alle toaletta er like nye, men standard og reinhald blir likevel skildra som jamt over bra.

²² I intervju kom det fram at skulebygget på avdeling Mo på Mo og Øyrane vidaregåande skule er gammalt og at ventilasjonsanlegget er utdatert. Dette har hatt negative konsekvensar for inneklimaet. Ventilasjonsanlegget skal bli bytta ut.


²³ Tilstandsbarometer 2013 – Sogn og Fjordane fylkeskommune. Rapporten vart utarbeidd av Multiconsult.

Reinhold

Revisjonen har ikkje fått tilsendt noko dokumentasjon på tilstandsvurderingar av reinholdet i skulebygga.

I spørjeundersøkinga vart rektorar, verneombod og elevråd bedne om å ta stilling til nokre påstandar om kvaliteten på reinholdet på skulen deira. Som det går fram av figur 11 seier totalt 30 av 34 respondentar seg «heilt einig» i påstanden om at *samla sett er det eit godt reinhold på skulen*. Av desse var høvesvis 10 rektorar, 11 verneombod, og 9 elevråd. Elles sa ein rektor seg «delvis einig» og ein «delvis ueinig,» eitt verneombod «delvis einig» og eitt elevråd «delvis ueinig.»

Figur 11: Samla sett er det eit godt reinhold på skulen.



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar, verneombod og elevråd. N=34.)

Overordna samsvarer svara på spørsmåla som omhandla reinholdet godt med resultatata å elevundersøkinga som presentert i figur 6 over; elevane er stort sett nøgd med reinholdet.

Svara i spørjeundersøkinga blir også stadfesta i intervju; både rektorane og driftsleiarane som vart intervjuja seier at reinholdet på skulane er bra. Reinholdspersonalet er tilsett ved skulane.

3.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser etter revisjonen si vurdering at det fysiske miljøet i fylkeskommunen sine skulebygg i all hovudsak er i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular om reinhold (§ 13), inneklima/luftkvalitet (§ 19) og sanitære forhold (§ 23).

Revisjonen vil samtidig presisere at det ikkje er gjort fysiske undersøkingar eller målingar i samband med forvaltningsrevisjonen. Revisjonen sine vurderingar er difor i stor grad basert på tilbakemeldingar frå rektorar, verneombod og elevråd, og deira oppfatning av standarden på inneklimaet, reinholdet og dei sanitære forholda ved skulebygga. Eit klart fleirtal av respondentane gir positive tilbakemeldingar på spørsmål knytt til desse forholda, og tilbakemeldingane frå dei tre respondentgruppene samsvarer i stor grad. Dette gir etter revisjonen si vurdering difor gode indikasjonar på status når det gjeld dei undersøkte forholda.

Samtidig er det eit mindretal som, særleg når det gjeld inneklimaet, gir svar som indikerer at det kan vere utfordringar ved enkelte skular. Slike utfordringar blir også stadfesta i intervju.

Revisjonen viser i den samanheng til avsnitt 3.3.2 over, der vi peiker på viktigheita av gode system for å følgje tett opp og dokumentere både utfordringar og eventuelle konsekvensar for elevane, i situasjonar der det over kortare eller lengre tid er utfordringar knytt til det fysiske miljøet.

3.5 Er fylkeskommunen sine skulebygg godkjent i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 6?

3.5.1 Datagrunnlag

Revisjonen har fått tilsendt ei oversikt med nøkkelinformasjon for skulebygga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I denne går det mellom anna fram kva skular som er helseverngodkjent. Godkjenninga er ført for kvar skule eller skuleavdeling, ikkje kvart bygg på kvar skule. Med omsyn til helseverngodkjenning er skulane koda anten i grønt og med eit «ja,» eller i raudt og med eit «nei». Det blir opplyst at oversikta blir kontinuerleg oppdatert, og siste versjon av lista er attgjeve i tabell 4 under.

Tabell 4: Helseverngodkjenning av dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane

Nr.	Skule	Helseverngodkjenning
1	Dale	Ja
2	Eid	Nei
3	Firda	Ja
4	Flora	Ja
5	Hafstad	Ja
6	Høyanger	Ja
7	Mo og Øyrane	Ja
	Avd. Mo	Ja
	Avd. Øyrane	Ja
8	Måløy	Ja
9	Sogn jord- og hagebruksskule	Nei
10	Sogndal	Nei
	Studieforberedande	Nei
	Yrkesskule	Nei
	Idrettshall	Nei
11	Stryn	Nei
12	Årdal	Ja

Ifølgje informasjon frå bygge- og eigedomstenesta, er med andre ord åtte av skulane godkjent i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern, medan fire av skulane ikkje er godkjent.

På spørsmål²⁴ om skulen deira er godkjent i samsvar med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular svarar seks av rektorane «ja,» fire «nei» og ein «veit ikkje».²⁵ Rektoren som svarte «veit ikkje» har i etterkant stadfesta at skulen er helseverngodkjent. Når det gjeld Eid vidaregåande skule blir det stadfesta i intervju at skulen ikkje er helseverngodkjend, men samtidig vist til at fylkeskommunen har vore i kontakt med kommunen (som er godkjenningssmynde) fleire gonger utan å få tilbakemelding.

²⁴ I spørjeundersøkinga som blei gjennomført i samband med forvaltningsrevisjonen.

²⁵ Den siste rektoren svarte ikkje på dette spørsmålet.

I intervju med bygge- og eigedomssjefen kjem det fram at nokre av skulane manglar helseverngodkjenning fordi det er bygg på skulen som ikkje er ferdigstilt. Dette gjelder Sogndal vidaregåande skule, idrettshallen i Sogndal, og Sogn jord- og hagebruksskulen. Det blir opplyst at prosess med godkjenning vil bli gjennomført så snart byggeperioden er over.

Vidare blir det i intervju med tilsette i bygge- og eigedomstenesta opplyst at dei ikkje har noko direkte ansvar knytt til prosessar for å sikre at skulane blir helseverngodkjent, men at dette er eit ansvar som ligg til leiinga ved skulane. Bygge- og eigedomstenesta kan ved behov bistå med til dømes målingar av radon, dersom dei blir bedne om det i samband med ein godkjenningsprosess. Også assisterande fylkesdirektør for opplæring viser til at det er rektorane som er ansvarlege for godkjenningsprosessen og dialogen med den aktuelle kommunen som har godkjenningsmynde i den samanheng.²⁶ Ein av rektorane gir i intervju uttrykk for at vedkomande oppfattar at det er bygge- og eigedomstenesta som er ansvarleg for å sikre at skulebygga blir helseverngodkjente i samband med ferdigstilling av byggeprosjekt.

Det føreligg ikkje skriftlege retningslinar eller rutinar i fylkeskommunen som spesifikt omhandlar skuleeigar og skuleleiinga sitt ansvar knytt til internkontroll etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Det føreligg heller ikkje skriftlege retningslinar eller rutinar som omhandlar skuleleiinga sitt ansvar for å søkje om godkjenning når det føreligg plan for etablering, utviding eller endring av verksemda. Det blir samtidig opplyst at det i kvalitets- og rutinehandboka er lenka til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular fleire stader, mellom anna knytt til kriseplanar og verneutstyr for elevar.

Revisjonen får opplyst i intervju at det vart gjennomført tilsyn på miljøretta helsevern ved ein av dei vidaregåande skulane i fylket i 2015. Tilsynet vart utført av ein kommuneoverlege og ein representant frå folkehelseavdelinga i den aktuelle kommunen. Tilsynet avdekte avvik frå forskriftskrav (for høge radonverdiar). Dette har blitt retta opp i, og skulen er framleis helseverngodkjent.

3.5.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det ikkje er alle skulebygga som er godkjente i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 6. Det blir vist til at manglande godkjenning i fleire tilfelle har samanheng med pågåande byggearbeid, og at prosess knytt til godkjenning vil bli initiert så snart byggeperioden er avslutta. Byggearbeida er til dels knytt til mindre delar av bygningsmassen ved den aktuelle skulen, men inneber likevel at skulen som heile ikkje kan godkjennast, då det i medhald av forskrifta ikkje blir gitt formell godkjenning berre for delar av bygningsmassen. Det er etter revisjonen si vurdering positivt at det blir uttrykt at det i desse tilfella er dialog med aktuell godkjenningsmynde, og at godkjenningsprosess vil bli sett i gang så snart som mogleg.

Samtidig meiner revisjonen at fylkeskommunen per i dag ikkje har etablert tilfredsstillande internkontrollsystem for å sikre at skuleeigar og skuleleiarane sine oppgåver i medhald av forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular blir ivareteke, jf. § 4 der det går fram at verksemda sin eigar skal sikre at det er etablert eit internkontrollsystem. Det føreligg per i dag ikkje felles retningslinar eller rutinar som skildrar oppgåver som skal utførast i medhald av forskrifta, eller kven som er ansvarleg for at desse blir utført. Revisjonen meiner dette medfører ein risiko for manglande etterleving av krav som går fram av forskrifta. Undersøkinga viser at

²⁶ Godkjenningsmynde og tilsynsmynde ligger til kommunane. Fleire av kommunane i Sogn og Fjordane fylkeskommune har gått saman i interkommunale samarbeid for å løyse denne oppgåva, men ikkje alle. Til dømes samarbeider kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal om å dekke oppgåver som kommunane er pålagt innanfor arbeidsfeltet miljøretta helsevern. I Florø ligger *Folkeshelseavdelinga*, eit internkommunalt samarbeid som mellom anna tar hand om denne funksjonen for Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Høyanger, Jølster, Naustdal, Selje, Solund, Stryn og Vågsøy.

ikkje alle rektorar er klar over at dei har ansvar for søknad om helsevern godkjenning. Revisjonen meiner dette viser at det er behov å etablere retningslinjer og rutinar for søknadsprosessen, slik at ein sikrar at søknad om godkjenning blir lagt fram for aktuell godkjenningsmynde både når det føreligg plan for etablering, utviding og endring av verksemda, jf. § 6 i forskrifta, og slik at det ikkje er tvil om kven som er ansvarleg for denne prosessen. Revisjonen vil også presisere viktigheita av at fylkeskommunen sikrar at alle rektorar veit om skulen der dei er rektor er helsevern godkjent eller ikkje.

3.6 Er det etablert system og rutinar for å sikre at saka blir behandla etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, dersom ein elev eller forelder ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, jf. oppl. § 9a-2?

3.6.1 Datagrunnlag

Revisjonen har fått førelagt ei rutine frå kvalitetssystemet for opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune, som omhandlar elevane sitt skulemiljø. Rutinen fokuserer på opplæringslova kapittel 9a og 11, og skildrar kort korleis kapitla saman skal sikre at elevane sine rettar til eit godt fysisk og psykososialt miljø og medråderetten deira blir ivaretekne. Det er lenka til aktuelle ressursar på nettet, i hovudsak utdjupande informasjon frå Utdanningsdirektoratet i form av rundskriv, rettleiarar og informasjon på nettsida til Udir, samt til mal for enkeltvedtak.

Rutinen omtalar ikkje eksplisitt krav om å fatte enkeltvedtak ved førespurnader om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve, ut over lenkjer til regelverk og andre aktuelle dokument (sjå avsnittet over). I samband med verifisering av datagrunnlaget i forvaltningsrevisjonsrapporten peiker likevel opplæringsdirektøren på at dette er ein del av rutinen, og at det òg har blitt teke opp med rektorane. Kvalitetssystemet inneheld ein felles mal for vedtak etter opplæringslova kapittel 9a. I malen går det fram at vedtaket er initiert av ein førespurnad om tiltak. Vedtaksmalen kan tilsynelatande nyttast ved vedtak både etter oppl. § 9a-2 (det fysiske miljøet) og oppl. § 9a-3 (det psykososiale miljøet). Dette går ikkje eksplisitt fram av rutinen eller sjølve vedtaksmalen, men eleven sin rett etter opplæringslova § 9a-1 er attgjeve innleiingsvis i vedtaksmalen. Vidare er det eit felt for å skildre kva undersøkingar skulen har gjennomført på bakgrunn av førespurnaden, og for å skrive kva som har kome fram gjennom denne undersøkinga. Det går fram frå malen at det er rektor som skal fatte vedtak. Det er på førehand fylt inn at skulen konkluderer anten med at det er grunnlag for tiltak etter opplæringslova kapittel 9a, eller at det *ikkje* er grunnlag for dette. Så er det fylt ut at det anten blir sett i verk tiltak eller at ingen tiltak blir sett i verk, samt at tiltaka skal evaluerast. Malen inneheld òg eit avsnitt om klage, med klageinstans, klagefrist, og at klagen skal sendast til skulen for handsaming. Vedtaket skal signerast av rektor, og er unntatt offentlegheita.

I intervju med assisterande fylkesdirektør for opplæring kjem det fram at det frå skulane si side ikkje har blitt meldt frå om saker der elever eller foreldre har bedt om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve dei siste åra. Etter det fylkesdirektøren er kjent med, har det dei seinare åra ikkje vore denne typen saker ved nokre av dei vidaregåande skulane. Det blir samtidig vist til at fylkeskommunen er førebudd på at dette kan skje, og det blir vidare opplyst i intervju at det er etablert rutinar og system for handsaming av slike førespurnader etter reglane i forvaltningslova, med tilvising til kvalitetsplan til opplæring og mal for vedtak skildra over.

I spørjeundersøkinga vart rektorane spurd om *elevlar, foreldre eller eit av råda/utvala ved skulen der desse er representert, i løpet av dei to siste åra har bedt om tiltak for å rette på*

fysiske miljøtilhøve. Fire av rektorane svara «ja,» medan dei resterande åtte rektorane svara «nei.»²⁷

Rektorane ved dei fire skulane som har blitt bedne om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve fekk nokre oppfølgingsspørsmål i spørjeundersøkinga. Først vart dei spurd om kor ofte *skulen fattar enkeltvedtak i tilfella der det blir bedt om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve*; på dette svara to av dei «stort sett,» medan dei to andre svara «nokre gonger.» Så vart dei spurd om *skulen dei to siste åra har motteke klagar på enkeltvedtak om retting av fysiske miljøtilhøve*, noko dei alle svara «nei» på.

Ingen av dei tre intervju rektorane har fått førespurnader frå elevar eller foreldre der dei har bedt om å tiltak knytt til det fysiske miljøet.

3.6.2 Vurdering

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at det føreligg ein felles mal for enkeltvedtak i samband med førespurnader om tiltak knytt til kapittel 9a i opplæringslova, som mellom anna kan nyttast ved førespurnader om tiltak knytt til det fysiske miljøet, jf. oppl. § 9a-2, fjerde ledd.

Samtidig indikerer rektorane sine svar i spørjeundersøkinga at det ikkje alltid blir fatta enkeltvedtak i tilfelle der det blir bedt om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande, og manglande enkeltvedtak er ikkje i samsvar med krav i oppl. § 9a-2 fjerde ledd, der det går fram at «Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova». Basert på den informasjonen som kjem fram i undersøkinga, meiner revisjonen det er behov for at skuleeigar følgjer opp skulane sin praksis på dette området, og sikrar at det ikkje er tvil om kva kravet i oppl. § 9a-2 fjerde ledd inneber i praksis. Fylkeskommunen bør også vurdere om det er behov for å tydeleggjere rutineane i kvalitetshandboka ytterlegare, for å sikre etterleving av krav i opplæringslova § 9a-2 fjerde ledd.

²⁷ Revisjonen gjer merksam på at spørsmålet som blei stilt til rektorane i spørjeundersøkinga omfattar både elevar og foreldre, og «eit av råda/utvala ved skulen der desse er representert». Dette er i samsvar med formuleringa i opplæringslova § 9a-2 fjerde ledd. Dette medfører likevel at svara ikkje er direkte samanliknbare med informasjonen som blei gitt frå assisterande fylkesdirektør, som berre uttaler seg om eventuelle førespurnader frå elevar eller foreldre.

4 Internkontrollsystem

4.1 Problemstillingar

I dette kapitlet blir det gjeve svar på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

Har fylkeskommunen eit internkontrollsystem som bidrar til å sikre eit godt fysisk miljø på dei vidaregåande skulane?

- a. *Er det ei tydeleg ansvarsdeling mellom eigar, forvaltar og brukar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet?*
- b. *I kva grad er det sett mål og/eller etablert lokale standardar for det fysiske miljøet i skulebygga?*
- c. *Har fylkeskommunen oversikt over tilstanden til skulebygga, og eventuelle endringar i tilstanden?*
- d. *Har fylkeskommunen eit velfungerande avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga?*

4.2 Revisjonskriterium

Av kommuneloven § 23 andre ledd, går det fram at «administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Vidare stiller opplæringslova § 9a-4 krav om systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken (HTM) til elevane (internkontroll), og av opplæringslova § 13-10 går det fram at skuleeigar skal ha «eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.»

Norges byggforskningsinstitutt viser til at kommunane plikter å:

gjennomføre dokumentert egenkontroll av at regelverket blir overholdt. En god forvalter av skulebygg ... har ... et system for kartlegging, rapportering og retting av avvik i forhold til de offentlige kravene som stilles.²⁸

ECON og Multiconsult viser til at regelmessige kontrollar av bygg er viktig, og då spesielt i forhold til bygningsmessige forhold som det ikkje kan forventast at brukarane vil gje tilbakemeldingar om. I tillegg seier ECON og Multiconsult at det bør «innhentes systematiske tilbakemeldingar fra brukerne om drifts- og vedlikeholdspersonalets arbeid.»²⁹

(Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.)

²⁸ Norges byggforskningsinstitutt, 2004: 7.

²⁹ ECON og Multiconsult, 2002: 43.

4.3 Er det ei tydeleg ansvarsdeling mellom eigar, forvaltar og brukar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet?

4.3.1 Datagrunnlag

Ansvarsdeling mellom bygge- og eigedomstenesta og skulane

Overordna rolle- og ansvarsfordeling, når det gjeld eigar, forvaltar og brukarar av skulebygga, er presentert i kapittel 2 *Om tenestekområdet*.

Revisjonen har fått førelagt dei siste fire oppdragsbreva frå fylkesrådmannen til bygge- og eigedomssjefen, der bygge- og eigedomstenesta sine oppgåver, ansvar og fullmakter går fram.³⁰ Oppdragsbreva for 2012, 2013 og 2014 er delt inn i to delar, først ein kortare generell del som definerer roller, mål, organisering, ansvar og fullmakter samt hovudarbeidsoppgåver, og ein lengre spesiell del som stiller krav til utarbeiding av arbeidsplanar for det aktuelle året, samt dei økonomiske rammene for tenesta. Oppdragsbrevet for 2015 er ikkje delt inn som dei andre, men inneheld hovudsakleg dei same punkta. Hovudoppgåvene til bygge- og eigedomstenesta blir skildra kort i oppdragsbreva, kategorisert i *forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling* og *service* (forkorta FDVUS). I oppdragsbreva er det også nærare skildra kva som inngår i kvar av desse oppgåvekategoriane.

Det er inngått ein brukaravtale mellom bygge- og eigedomstenesta og kvar av dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune.³¹ I avtalen går det fram at bygge- og eigedomstenesta opptre som *eigar* av eigedomen, medan skulen er *brukar*. Ved dei skulane der dette er aktuelt, spesifiserer avtalen mellom anna at bygge- og eigedomstenesta overtek arbeidsgivaransvaret for driftsteknikaren ved skulen frå 1.1.2015.

Avtalen har to vedlegg. I vedlegg 1 er ansvarsfordelinga mellom brukar og eigar spesifisert i tre kategoriar. Her går det fram kva som er bygge- og eigedomstenesta sitt ansvar og kostnad, kva som er skulen sitt ansvar og kostnad men som bygge- og eigedomstenesta skal utføre, og kva som er skulen sitt ansvar og kostnad og som skulen i utgangspunktet må utføre sjølv.³²

- Det meste av vedlikehaldet av sjølv bygningsmassen er bygge- og eigedomstenesta sitt ansvar, og tenesta skal òg dekke kostnadene for slikt vedlikehald. Vidare er alt av varme (fyrlegg, oljetankar, etc.), det meste av EL-kraftinstallasjonane (tavler, naudlys, varmekablar, etc.) også bygge- og eigedomstenesta sitt ansvar.
- Døme på saker som er skulen sitt ansvar og som skulen skal betale for, men som bygge- og eigedomstenesta skal utføre, inkluderer vedlikehald av ruter dersom skaden skuldast brukar (tilsett eller elev), vedlikehald av innvendige persienner, kjølediskar i kantinen, mykje av skiltinga, og montering og reparaasjon av inventar og utstyr som ikkje er undervisningsutstyr.
- Skulen har sjølv ansvar for og må bere kostnadene knytt til telefon- og IKT anlegga, audiovisuelt utstyr, spesialinnreiing av brukarutstyr, samt det meste av dagleg service (posthenting, innvendige plantar og grøntanlegg). Likevel går det fram i avtalen at 25 % av tida til driftsteknikaren er avsett til service på skulen.

³⁰ Budsjett 2012 – Oppdragsbrev bygge- og eigedomstenesta (Leikanger 24.01.2012, fylkesrådmannen), Budsjett 2013 – Oppdragsbrev bygge- og eigedomstenesta (Leikanger 17.01.2013, fylkesrådmannen), Budsjett 2014 – Oppdragsbrev bygg- og eigedomstenesta (Leikanger 27.02.2014, fylkesrådmannen) og Budsjett 2015 – Ansvar 125 Bygg- og eigedomstenesta (Leikanger 18.02.2015, fylkesrådmannen).


³¹ Revisjonen har fått førelagt eit døme på ein slik brukaravtale. Brukaravtalen er for Dale vidaregåande skule. Avtalen er frå 01.01.2015, signert bygge- og eigedomssjefen og rektor ved skulen.

³² Sjå lenger ned for nærare skildring av korleis ansvarsdelingane fungerer.

Vedlegg 2 til brukaravtalen er stillingsbeskriving for driftsteknikar ved skulen.

I spørjeundersøkinga til rektorane og verneomboda vart respondentane bedne om å svare på spørsmål knytt til ansvarsdelinga mellom skulane og bygge- og eigedomstenesta. Som det går fram av figur 12, svarer 17 av 24 respondentar at det «i stor grad» er avklart kven som har ansvar for å avdekke feil, manglar og skadar ved sjølve skulebygget eller ved inneklimate i bygget. Ti av tolv rektorar og sju av tolv verneombod svarer dette. Seks av respondentane svarer «i nokon grad» på spørsmålet (to rektorar og fire verneombod), medan eitt verneombod svarer «veit ikkje».³³ Ingen svarer «i liten grad» eller «ikkje i det heile».

Figur 12: I kva grad er det avklart kven som har ansvar for å avdekke feil, manglar og skadar ved sjølve skulebygget eller ved inneklimate i bygget?



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorar og verneombod. N=24.)

Rektorane vart òg spurt i kva grad dei opplever at *Sogn og Fjordane fylkeskommune* har ei tydeleg rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald og inneklimate i skulebygga. Ti av rektorane svarer «i stor grad» på dette spørsmålet, medan dei øvrige to svarer «i noko grad». Dei rektorane som svarte «i nokon grad» fekk eit oppfølgingsspørsmål om kva som er dei største utfordringane når det gjeld rolle- og ansvarsdeling knytt til vedlikehald og inneklimate i skulebygg. Ein rektor svara på spørsmålet. Vedkomande skriv at det «etter omorganiseringa ved årsskiftet er blitt fleire ledd, og det er framleis noko uklart kva rolle og ansvar regionleddet har.»

I intervju kjem det fram at det blei uttrykt skepsis frå enkelte skular knytt til den nemnde omorganiseringa av bygge- og eigedomstenesta i driftsdistrikt. I 2015 fekk bygge- og eigedomssjefen to munnlege tilbakemeldingar via opplæringsavdelinga om at enkelte rektorar ikkje var heilt nøgde med den nye organiseringa. Det blir opplyst at han i etterkant har hatt god dialog med dei to aktuelle skulane. Dei har ikkje peika på at noko konkret har blitt dårlegare, men det blir kommentert at skulane kanskje har mista litt fleksibilitet ved at driftsteknikarane ikkje lengre er tilsett ved skulane og dermed ikkje er underordna rektor. Det blir opplyst at erfaringar med og tilbakemeldingar på omorganiseringa vil vere eit tema i samband med dei komande vedlikehaldssynfaringane (sjå avsnitt om samarbeid og møtepunkt nedanfor).

Bygge- og eigedomssjefen understrekar at det i brukaravtalene mellom bygge- og eigedomstenesta og skulane ligg inne at driftsteknikarane også skal yte noko service for skulane. Dette dreier seg om bistand til rein skuledrift, som t.d. flytting av pultar, avviking av eksamen mv.

³³ Sjå avsnitt 4.6.1 for ein nærare gjennomgang av avvikssystem og –handsaming knytt til fysiske miljøtilhøve.

Elles blir resultatene frå spørjeundersøkinga knytt til ansvarsdelinga mellom skulane og bygge- og eigedomstenesta stadfesta i intervju. Bygge- og eigedomssjefen opplever at ansvarsdelinga mellom bygge- og eigedomstenesta og skulane fungerer greitt, og både dei intervju draiftsleiarane og rektorane seier at ansvarsdelinga er tydeleg og klår. Formelt er ansvarsdelinga spesifisert i den ovannemnde brukaravtalen. Samtidig kjem det fram i intervju at det stundom oppstår diskusjonar knytt til *kven* som er ansvarleg for *kva* utstyr på skulane. Dette dreier det seg gjerne om forskjellane på teknisk driftsutstyr og undervisningsutstyr; førstnemnde er det bygge- og eigedomstenesta som er ansvarleg for og skal betale for, medan sistnemnde er det skulane som er ansvarleg for og skal betale for. Det blir vist til at det har vore nokre gråsoner knytt til denne skilnaden. Dette er eit forbettringspunkt som vart nemnd i fleire av intervju. Vidare blir det opplyst i intervju at det er ein pågåande prosess med å få på plass ei liste som eksemplifiserer og spesifiserer *kva* som er *teknisk utstyr* og *kva* som er *undervisningsutstyr*, for å bidra til ytterlegare tydeleggjering av ansvarsdelinga.

Bygge- og eigedomssjefen presiserer at slike diskusjonar hovudsakleg dreier seg om *kven* som skal dekke kostnadene, ikkje *kven* som skal utbetre problemet. Arbeidet er det vanlegvis uansett bygge- og eigedomstenesta som utfører.

Samarbeid og møtepunkt

Bygge- og eigedomssjefen har jamlege møte med assisterande fylkesdirektør for opplæring. På desse møta diskuterer dei hovudsakleg overordna og strategiske saker, som t.d. budsjett og prioriteringar, omorganiseringa av driftseiningane, samt større rehabiliterings- eller nybyggprosjekt. Samtidig blir det sagt i intervju at dei også drøftar enkeltsaker når det er aktuelt.


Minst ein gong i året skal bygge- og eigedomstenesta gjennomføre ei vedlikehaldssynfaring på kvar skule. Då møter bygge- og eigedomssjefen rektor ved skulen, og dei vurderer saman *kva* som kan og bør bli gjort inneverande år og framover med omsyn til vedlikehald, inneklima, universell utforming og andre fysiske og byggetekniske tilhøve.³⁴

I intervju med bygge- og eigedomssjefen blir dette møtepunktet betekna som sentralt for å tilpasse vedlikehaldsarbeidet på den enkelte skulen, og for å sikre at det i størst mogleg grad er samsvar mellom brukarane sine ønskjer og behov, og bygge- og eigedomstenesta sine meir faglege/tekniske prioriteringar.

I spørjeundersøkinga vart rektorane bedne om å svare på spørsmål knytt til samarbeidet mellom skulane og bygge- og eigedomstenesta. Som vist i figur 13 svarer sju av rektorane at samarbeidet med bygge- og eigedomstenesta i fylkeskommunen fungerer «svært bra», medan dei resterende fem rektorane svarer «ganske bra.»

³⁴ Vedlikehaldssynfaring tar ca. ein halv dag per skule.

Figur 13: Korleis fungerer etter di meining samarbeidet med bygge- og eigedomstenesta i fylkeskommunen?




(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane. N=12.)

Rektorane fekk moglegheit til å kome med utfyllande kommentarar knytt til samarbeidet med bygge- og eigedomstenesta. Dei tre som nytta denne sjansen svarer høvesvis at «vi samarbeider godt. Dei er flinke. Berre godt å seia om oppfølging derifrå. Slik har det vore i alle dei 8 åra som eg har vore rektor,» «i tillegg til årleg vedlikehaldssynfaring har vi rett som det er besøk av ein eller fleire frå BET som har bestemte saker dei vil sjå nærmare på,» og at «det [samarbeidet] fungerer svært godt.»

I forlenginga av spørsmåla knytt til tydelegheit i ansvarsdeling og kvaliteten på samarbeidet, vart rektorane òg spurt om det er etablert tilstrekkeleg med arenaer for kommunikasjon og samhandling mellom skulen og bygge- og eigedomstenesta. Som det går fram av figur 14, svarar ti av rektorane «ja» og to «delvis.»

Figur 14: Er det etter di meining etablert tilstrekkeleg med arenaer for kommunikasjon og samhandling mellom skulen og bygge- og eigedomstenesta i fylkeskommunen?



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane. N=12.)

Resultata og utsegna frå spørjeundersøkinga blir i hovudsak stadfesta i intervju. Både dei intervju driftsleiarane og rektorane seier at samarbeidet mellom skulane og bygge- og eigedomstenesta er prega av god og løpande dialog og fungerer bra.

4.3.2 Vurdering

Det er revisjonen si vurdering at det mellom anna gjennom ansvarsbrev og brukaravtalar er etablert ei tydeleg ansvarsdeling mellom eigar, forvaltar og brukarar av skulebygga når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet. Når det gjeld ansvarsdelinga mellom bygge- og eigedomstenesta og den enkelte skule blir det peikt på enkelte «gråsoner», og revisjonen meiner det er positivt at det blir arbeidd med ei presisering knytt til område som til tider blir oppfatta som noko uklære.

4.4 I kva grad er det sett mål og/eller etablert lokale standardar for det fysiske miljøet i skulebygga?

4.4.1 Datagrunnlag

Frå dokumentasjon går fram at Sogn og Fjordane fylkeskommune har fastsett mål for bygge- og eigedomstenesta i fylket.³⁵ Desse er at:

- Verdien på eigedomsmassen skal ikkje forringast
- Grunneigedomane og bygningane skal til ein kvar tid vera tilpassa det behovet som brukarane av eigedomane har, og vera best mogeleg lagt til rette for framtidige endringar
- Ressursinnsatsen i eigedomsforvaltninga må ikkje vera større enn det som må til for å nå dei primære målsettingane ovanfor

Bygge- og eigedomssjefen opplyser i intervju at bygge- og eigedomstenesta jobbar etter desse overordna målsettingane om verdibevarande vedlikehald og om å levere gode bygg å være i for den fylkeskommunale verksemda.³⁶ Det er ikkje utarbeidd lokale mål eller standardar utover dette. Det har vore drøfta kor dei skal leggje lista i samband med enkelte faglege normer; når det gjeld temperatur er det til dømes semje om å leggje seg godt innanfor dei faglege normene. Dette er ikkje skriftleg nedfelt, men praksis.

Ingen av dei intervjuja rektorane eller driftsleiarane kjenner til lokale standardar for vedlikehald eller inn klima. Ein rektor seier at det sentrale omsynet er at bygga skal vere føremålstenlege for dei som oppheld seg i desse, og at skulen skal følgje dei standarane som er gjeve gjennom lover og forskrifter. Om lag likelydande svar blei gitt også av dei andre intervjuja rektorane.

4.4.2 Vurdering

Det er sett overordna målsettingar for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid, som synast å vere godt kjent blant alle aktuelle aktørar, under dette også brukarane av bygga. Som det går fram mellom anna av kapittel 3 over, viser undersøkinga også at fylkeskommunen i stor grad lukkast med å sikre eit godt fysisk miljø i skulebygga.

Samtidig meiner revisjonen at overordna målsettingar med fordel kunne vore operasjonalisert gjennom meir konkrete mål og tiltak som kan bidra til å nå dei overordna måla. Operasjonalisering av overordna målsettingar vil kunne bidra til betre styringsgrunnlag, og vil kunne tydeleggjere korleis ein skal arbeide for å nå overordna målsettingar. Oppfølging og rapportering knytt til meir operasjonaliserte mål og tiltak vil også kunne bidra til å synleggjere eventuelle utfordringar eller manglar i større grad enn når ein berre forholder seg til overordna

³⁵ Måla vart sett i fylkestingsvedtak 041/01, pkt. 1-4, og i fylkesrådmannen sitt vedtak av 12.06.02 om «Ny administrasjon». Dei går òg fram i oppdragsbrev til bygge- og eigedomstenesta omtala over.

³⁶ Dette vart òg nemnd i andre intervju, t.d. av ein driftsleiar som fortel at «bygge- og eigedomstenesta jobbar etter dei overordna standardane. Dette inneber at dei skal sørge for at bygga har ein god standard, og at dei skal gjere det dei kan for å leggje til rette for å kunne drive ein god skule i bygga.»

målsettingar, og dermed bidra til å tydeleggjere behov for ytterlegare tiltak eller oppfølging frå leiinga. I eit internkontrollperspektiv meiner difor revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere å operasjonalisere dei overordna målsettingane ytterlegare, for å sikre ei felles forståing av kva måla inneber, og å sikre tydeleg styringsinformasjon.

Det blir også opplyst at fylkeskommunen ønskjer å leggje seg godt innanfor faglege normer, og ikkje vil leggje seg på minstekrava. Slike mål er imidlertid ikkje skriftleg nedfelt. Dersom det er slik at fylkeskommunen ønskjer at dette målet skal vere styrande for arbeidet med vedlikehald og inneklima i skulebygga, meiner revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere å formalisere det som ei skriftleg målsetting med tilhøyrande tiltak og oppfølging.

4.5 Har fylkeskommunen oversikt over tilstanden til skulebygga, og eventuelle endringar i tilstanden?

4.5.1 Datagrunnlag

Revisjonen har fått førelagt to byggtekniske vurderingar av vedlikehald og inneklima av skulebygga i dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune frå ulike tidspunkt. Sjå avsnitt 5.3.1 for skildring av dei to rapportane. Fylkeskommunen har også utarbeidd ei oversikt over tilstanden på skulebygga, kalla *Nøkkelinformasjon, bygg*.³⁷ Oversikta viser status på det tidspunkt den sist blei oppdatert, og gir ikkje informasjon om eventuelle endringar. Oversikta er i tabellform, og har kolonnar for kva skule bygga tilhøyrar og kva eigedomstilhøve dei har, skildring/namn på bygga, storleik på bygga, gards- og bruksnummer, referanse til bygningsnummer, årstall for oppføring av bygga, og ei rekkje tilstandsvurderingar. Desse inkluderer vurderingar av radon (0-3), universell utforming (0-3), helseverngodkjenning (ja eller nei), vedlikehald (0-3), inneklima (0-3), oppvarming (fargeskala), og energimerking (a-g).

I intervju gir både rektorane og representantane for bygge- og eigedomstenesta uttrykk for at sistnemnde har god oversikt over tilstanden på skulebygga. Bygge- og eigedomssjefen peiker på at det er tilsette i bygge- og eigedomstenesta med teknisk ingeniørkompetanse, og at dei difor er kvalifisert til å vurdere tilstanden til bygningsmassen på ein grundig måte. Det blir også vist til at organiseringa med driftseiningar i kvart distrikt bidrar til å sikre at bygge- og eigedomstenesta har god kjennskap til kvart einskild bygg. Driftsteknikarane har sin daglege arbeidsplass ved faste skular, også med dagens organisering, og det blir kommentert at dette bidrar til god kjennskap til bygga og dermed også god oversikt over tilstand og behov.

I intervju blir det vist til fleire faste kontrollar og rutinar som bidrar til å sikre god oversikt over tilstanden til bygga, samt informasjon om eventuelle vedlikehaldsbehov mv:

- I intervju blir vedlikehaldssynfaringane omtalt som viktige med tanke på å sikre at fylkeskommunen har oversikt over tilstanden til skulebygga (sjå avsnitt 4.3.1 for omtale av vedlikehaldssynfaringane). Det blir skriva referat frå vedlikehaldssynfaringane. Revisjonen har fått førelagt døme på slike. Frå desse går det fram kven som har deltatt på vedlikehaldssynfaringa, kva som har vore gjennomgått (vedlikehaldsplan for inneverande år), drøftingar dei har gjort (innspel frå skulen med omsyn til prioriteringar knytt til vedlikehaldet), status på skulebruksplan og bygningsmessige konsekvensar av denne, organiseringa av bygge- og eigedomstenesta, status på brukaravtale mellom skulen og bygge- og eigedomstenesta, samt saker som blei avdekt i vedlikehaldssynfaringa og kven som er ansvarleg for å følgje opp desse.

³⁷ Sjå dokumentet *Nøkkelinformasjon, bygg* (27.10.2015).

- Vidare blir det i intervju peika på at vernerundane hjelper fylkeskommune til å halde oversikten over tilstanden på bygga. Det blir gjennomført årlege vernerundar på skulane. Vernerundane er i regi av skulane, og blir i intervju peika på som eit sentralt forum for diskusjon knytt til skulen sitt fysiske miljø. Ved nokre skular er elevane med på desse vernerundane, men ikkje på alle. Det er også noko ulikt i kva grad driftsteknikarane og/eller driftsleiarane deltek på desse vernerundane. På nokre skular deltek driftsteknikar på heile vernerunden, medan dei på andre skular berre deltek på dei delane av vernerundane som er spesifikt knytt til bygge- og eigedomstenesta sitt ansvarsområde. Ifølgje bygge- og eigedomssjefen skal driftsteknikarane bli varsla dersom vernerundane tek opp saker knytt til det byggetekniske. Om det i gjennomføringa av vernerundane t.d. blir avdekt manglar eller avvik som anten må utbetras straks eller på sikt, blir dette meldt til bygge- og eigedomstenesta.
- Også internkontrollsystemet blir trekt fram som eit verktøy som hjelper fylkeskommunen med å halde oversikt over tilstanden på skulebygga. Revisjonen har fått førelagt eit utdrag frå internkontrollsystemet som viser kva kontrollar som skal gjennomførast kva tid på ein skule. Sjekklista er delt inn i hovudkategoriar (t.d. bygg, VVS, EL-anlegg), som kvar er delt inn i spesifikt utstyr som skal kontrollerast (t.d. skal dører og portar sjekkast på bygga, medan det under VVS står at dusjanlegg skal kontrollerast for legionella).

Frekvensen på kontrollane varierer frå månadlege (t.d. tilfluktsrom, handslukar, nødllys, og alarmsystem), via kvartalsvise (t.d. av fordelingstavlar og sikringsskåp), til årlege (t.d. av utvendig kledning på bygga). Forutan kontrollane går det òg fram frå arbeidslista kva som skal ha service kva tid (sakkyndig kontroll). Dette gjeld mellom anna halvårskontroll for røykventilasjon, årskontroll av EL-anlegg, og to årlege kontrollar av heis. Bygge- og eigedomstenesta sentralt har ein årleg gjennomgang av internkontrollen der dei kontrollerer oppfølginga ved kvart bygg. Slike kontrollar viser at det er noko variasjon når det gjeld i kva grad gjennomførte internkontrollaktivitetar ved bygga blir dokumentert.

Vidare opplyser bygge- og eigedomssjefen at fylkeskommunen med jamne mellomrom får gjennomført eksterne vurderingar av bygningsmassen.³⁸ Tilstandsvurderingane nyttar bygge- og eigedomstenesta i arbeidet med vedlikehaldsplanlegginga (sjå kapittel 5). Bygge- og eigedomssjefen opplyser vidare at dei ulike tilstandsrapportane som er utarbeidd blir nytta i det daglege driftsarbeidet i bygge- og eigedomstenesta. T.d. når dei er på vedlikehaldssynfaring, tek dei omsyn til vedlikehaldsplan og aktuelle tilstandsrapportar. Dette gjeld også tilstandsrapporten om universell utforming ved dei vidaregåande skulane i fylket (sjå avsnitt 6.3.1).

Når det gjeld oversikt over *endringar* i tilstanden på skulebygga, opplyser bygge- og eigedomssjefen at dei i internkontrollsystemet kan hente ut logg over gjennomførte utbetringar og restanselister per bygg, og slik halde oversikt over endringar i tilstanden på bygga.

I intervju med tilsette i bygge- og eigedomstenesta blir det samtidig gitt uttrykk for at systemet fungerer greitt slik det er no, men at det har forbedringspotensiale. Dette er særleg fordi systemet er bygd opp av Excel-ark, noko som ikkje er heilt optimalt. Delvis pga. dette har bygge- og eigedomstenesta ein del å gå på når det gjeld i kva grad dei nyttar internkontrollsystemet i det dagleg arbeidet. I intervju blir det understreka at alle driftsteknikarane gjer jobben sin, men ikkje alle registrerer i systemet at dei har gjort jobben (sjekka eit tak, t.d.). Dette kjem kanskje av at systemet er litt tungvint, for ein må gå inn på PC for å registrere mangel/avvik/gjennomført kontroll. Det varierer derfor noko i kva grad internkontrollsystemet kan gi ein oversikta over endring i tilstanden på skulebygga.

³⁸ Det er ikkje nedfelt kor ofte dette skal bli gjort, men dei gjer det etter behov. T.d. vart det gjennomført ei omfattande tilstandsvurdering i 2012 i samband med ny skulebruksplan.

Det blir også lagt inn langsiktige oppgåver, som til dømes utskifting av komponentar ved bygga grunna tidsslitasje, i internkontrollsystemet. Som døme på korleis dette fungerer seier ein driftsleiar at dersom eit tak blir skifta ut, blir det lagt inn som ei ny oppgåve om lag 20 år fram i tid i internkontrollsystemet, basert på forventa levetid for denne type bygningskomponent.

Det er likevel ikkje slik at internkontrollsystemet er designa for å halde oversikt over endringar i tilstanden; endringane kan bli spora ved å sjå på arbeidslistene og på når ulike ting skal kontrollerast. Det blir opplyst at det difor ikkje er nokon enkel måte å få ut oversikt over endra tilstand på bygga. Systemet er først og fremst utforma med tanke på å sikre kontrollrutinar. Bygge- og eigedomstenesta er i gang med å vurdere anskaffing av eit nytt FDV-system som er meir heilskapleg og som også skal kunne gi oversikt over utviklinga til bygget, avtalar mv. Det blir vist til at eit nytt system vil kunne gi betre oversikt over historikken ved kvart bygg.

4.5.2 Vurdering

Undersøkinga viser etter revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har god oversikt over tilstanden til skulebygga, og eventuelle vedlikehaldsbehov. Mellom anna eksterne tilstandskartleggingar, bygge- og eigedomstenesta sine internkontrollrutinar og faste vedlikehaldssynfaringar bidrar til ei slik oversikt. I intervju og spørjeundersøking blir det generelt gitt uttrykk for ei oppleving av at bygge- og eigedomstenesta har god oversikt over tilstanden til skulebygga og endringar i tilstanden.

Revisjonen registrerer samtidig at fylkeskommunen per i dag ikkje har eit FDV-system som legg til rette for systematisk oppfølging av endringar i tilstanden og behova ved bygga, men at det er sett i gang ein prosess med anskaffing av nytt FDV-system som kan gi betre oversikt over utviklinga til bygget og historikken knytt til utført arbeid.

4.6 Har fylkeskommunen eit velfungerande avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga?

4.6.1 Datagrunnlag

I avsnittet *Internkontroll* (som går igjen i oppdragsbrev for 2012, 2013, 2014 og 2015 frå fylkesrådmannen til bygge- og eigedomstenesta), går det fram at målet med internkontrollen i fylkeskommunen er å ha effektive rutinar for avdekking og forbetring av avvik.³⁹

Revisjonen har fått førelagt eit døme på eit utfyllt *Forbetringsskjema for helse, miljø og tryggleik*. Skjemaet er eit generelt avviksskjema som er felles for fylkeskommunen, og som kan bli brukt i fleire samanhengar, også for avvik knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga. I det aktuelle tilfellet er skjemaet nytta til å melde frå om «manglende/ødelagt ventilasjon på sliperom og smi-esse.»

Frå skjemaet går det fram at det kan nyttast mellom anna ved uønskete forhold, uønskt hending, nestenulykker, avvik frå lover, forskrifter, retningslinjer eller prosedyrar; brann(tilløp), eksplosjons(tilløp), problem med el-installasjonar; pasient, bebuar, klient problem. Skjemaet inneheld felt for å skildre uønskete forhold, uønskt hending, avvik, etc., med avsnitt for problem/hending, årsak og konsekvens. Feltet skal signerast og daterast. Vidare går det fram av skjemaet at meldinga skal bli vurdert av ansvarleg leiar, eventuelt i samarbeid med verneombod eller hovudverneombod, at vedteke tiltak skal daterast, og dato for vidaresending og kven saka er vidaresendt til skal spesifiserast. Derneft skal korrigerande tiltak skildrast i eit

³⁹ I eit intervju vart det sagt at bygge- og eigedomstenesta har samarbeidd med eit firma om utarbeidinga av internkontrollsystemet, og at dette er tilpassa organiseringa av bygge- og eigedomstenesta i Sogn og Fjordane.

eiget felt, kor det òg skal spesifiserast kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaket, når tiltaket er gjennomført og av kven, samt om løysing er meldt til arbeidstakar som rapporterte saka først.⁴⁰

Bygge- og eigedomstenesta sitt internkontrollsystem er ikkje lagt til rette for at brukarar av bygga kan melde avvik direkte i systemet. Per i dag er systemet slik at dersom nokon ved ein skule vil melde frå om ein mangel eller avvik ved bygget, må dei sende ei melding til driftsteknikaren ved skulen. Praksis for korleis dette skjer varierer frå skule til skule; nokon nyttar e-post, andre gir munnlege meldingar om avvik. I nokre tilfelle blir forbettringsskjemaet som er nemnd over nytta, men det er ikkje stilt krav om at dette skjemaet skal nyttast ved melding om avvik og manglar knytt til vedlikehald og inneklime i skulebygga. Nokre rektorar nemner at dei årlege vernerundane er viktige i avviksøyemed, då manglar og avvik ofte blir fanga opp på slike vernerundar

Når det er meldt frå om eit avvik eller ein mangel er det driftsteknikar sitt ansvar å registrere innmeldte behov for utbetringar inn i internkontrollsystemet, slik at utbetringane som skal utførast går fram av ei arbeidsliste. Det blir samtidig opplyst at det ikkje er alle slike meldingar om avvik eller behov som blir registrert i internkontrollsystemet. Dersom ein mangel blir utbetra med ein gong, er det ikkje alltid det blir registrert i systemet. Dokumentasjonen kan difor variere ein del.

Revisjonen har fått førelagt ei avviksliste/arbeidsliste frå bygge- og eigedomstenesta for eit skulebygg. Lista er henta ut frå internkontrollsystemet, og inneheld felt for kva institusjon den gjeld, registreringsdato for feil/mangel, kven som har registrert avviket, kva som er feil, kva dato feilen vart utbetra, og kven den vart utbetra av.⁴¹

Det blir opplyst at bygge- og eigedomstenesta har starta ein prosess for å skaffe eit nytt FDV-system som òg skal innehalde ein avvikskomponent; i dette skal det vere mogleg for driftsteknikar å registrere manglar, avvik og gjennomførte kontrollar på ein app på mobilen eller nettbrett. Målet er at det skal bli litt enklare å bruke systemet for driftsteknikarane, og at brukarane/skulane skal kunna melde avvik direkte inn i systemet, og også få automatisk tilbakemelding når eit avvik er lukka.


I spørjeundersøkinga vart rektorane og verneomboda bedne om å ta stilling til to påstandar om høvesvis avvikssystemet og avvikshandsaminga knytt til fysiske miljøtilhøve. Høvesvis at *fylkeskommunen har gode rutinar for melding av feil eller manglar (knytt til vedlikehald eller inneklime) frå skulen til bygge- og eigedomstenesta og at bygge- og eigedomstenesta følger alltid opp skulen sine meldingar om manglar ved vedlikehald eller inneklime på skulen.*

Som det går fram av figur 15, seier 15 av respondentane seg «heilt einig» i første påstand (åtte rektorar og sju verneombod), medan fire rektorar seier seg «delvis einig», eitt verneombod er «heilt ueinig» og fire verneombod svarer «veit ikkje.» Ni respondentar er «heilt einig» i den andre påstanden (seks rektorar og tre verneombod), ni «delvis einig» (fem rektorar og fire verneombod), tre «delvis ueinig» (ein rektor og to verneombod) og tre verneombod svarer «veit ikkje.»

⁴⁰ Dømet tilsendt revisjonen omhandlar manglande/øydelt ventilasjon på eit arbeidsrom på ein yrkesskule. Det blir skildra kva som er årsaka til problemet, og konsekvensen av mangelen er at arbeidsmiljøet er uholdbart. Korrigerande tiltak er også skildra, og vedlagt meldinga ligger ein tilbodsbekefint for sal av utstyr som skal utbetre mangelen. Meldinga, vurderinga og vedteke tiltak er alle signerte og daterte.

⁴¹ Avvika som går fram i arbeidslista er t.d. skifte av lysrør, reoperasjon av stolar og bord, manglande skilting, feil på persienner, og liknande.

Figur 15: Rektorane og verneomboda om avvikssystem og -handsaming




(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane og verneomboda. N=24.)

I spørjeundersøkinga vart rektorane og verneomboda òg bedne om å ta stilling til tre påstandar om skulen sitt system, rutinar og handsaming av avviksmeldingar knytt til dei fysiske miljøtilhøva. Svara er attgjeve grafisk i figur 16. Den første påstanden var at *på denne skulen er det eit godt system for å fange opp manglar, feil og skadar ved bygget eller ved inneklimaet i bygget*, ein påstand 16 av respondentane seier seg «heilt einig» i, seks er «delvis einig», og to svarer «veit ikkje.»

Den andre påstanden var at *på skulen er det gode rutinar for kven dei tilsette skal gje beskjed til dersom dei oppdagar behov for vedlikehald av skulebygget, eller manglar ved inneklimaet*. Dette seier 15 seg «heilt einig» i, sju «delvis einig,» ein «delvis ueinig» og ein svarer «veit ikkje.»

Den tredje påstanden var at *skulen følger alltid opp tilsette sine meldingar om manglar ved vedlikehald eller inneklima på skulen*. Dette er 14 av respondentane «heilt einig» i, åtte er «delvis einig» og to svarer «veit ikkje.»

Figur 16: Rektorane og verneomboda om avvikssystem og –handsaming på skulen



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane og verneomboda. N=24.)

4.6.2 Vurdering

Undersøkinga viser at brukarane av bygga i hovudsak opplever at det er tydelege system knytt til det å fange opp og melde frå om feil og manglar som er relatert til vedlikehald og inneklimateet i skulebygga. Samtidig er det noko større variasjon i svarea når det gjeld bygge- og eigedomstenesta si oppfølging av meldte feil og manglar. Dette samsvarer etter revisjonen si vurdering med informasjonen om at melding om feil og manglar frå brukarane til driftsoperatørane til dels blir formidla munnleg. Manglande formalisering av system for innmelding av feil og manglar, medfører etter revisjonen si vurdering ein risiko for at ikkje alle slike meldingar blir følgt opp. Det er heller ikkje etablert eit system for å melde frå til den som har meldt inn ein feil eller mangel om kva som eventuelt blir gjort for å utbetre aktuelle forhold.

Brukarane av bygga kan ikkje sjølv melde inn avvik i FDV-systemet, men må melde frå munnleg eller per e-post til driftsteknikar, som så registrerer meldte avvik i FDV-systemet dersom det ikkje dreier seg om forhold som kan utbetrast umiddelbart. I nokre tilfelle blir også fylkeskommunen sitt generelle avviksskjema nytta. Det kjem fram at driftsteknikarane har ulik praksis når det gjeld kva som blir registrert i FDV-systemet. Dette medfører etter revisjonen si vurdering både ein risiko for at enkelte forhold som er meldt inn ikkje blir følgt opp, og at historikken knytt til feil og manglar ved bygga blir mangelfullt dokumentert i FDV-systemet.

Samla sett meiner revisjonen at fylkeskommunen per i dag ikkje har eit velfungerande avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklimateet i skulebygga. Avvikssystemet er per i dag for lite formalisert, og sikrar ikkje at alle avvik blir registrert, følgt opp og meldt tilbake om til den som har meldt frå om avviket i første omgang. Revisjonen meiner difor det er positivt at det blir opplyst at fylkeskommunen ved anskaffing av nytt FDV-system er opptatt av at eit slikt system også skal innehalde ein avvikskomponent som legg til rette for at brukarane av bygget kan registrere avvik direkte i systemet, og få tilbakemelding når avviket er lukka.

5 Verdibeverande vedlikehald

5.1 Problemstillingar

I dette kapitlet blir det gjeve svar på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad sikrar fylkeskommunen eit verdibeverande vedlikehald av skulebygga?

- a. *I kva grad er det eit vedlikehaldsetterslep knytt til fylkeskommunale skulebygg, og kva konsekvensar har eit eventuelt vedlikehaldsetterslep?*
- b. *I kva grad er vedlikehaldsarbeidet knytt til skulebygga løpande og førebyggjande?*

5.2 Revisjonskriterium

Ifølgje st.prp.nr.61 (2005 – 2006) er det «en sentral målsetting at dagens vedlikehaldsetterslep fjernes, samtidig som man unngår at nytt etterslep oppstår.»⁴² Det blir også vist til at for å oppnå dette, må kommunesektoren auke driftsutgiftene til vedlikehald.⁴³ Av melding til Stortinget nr. 28 (2011–2012) går det fram at det offentlege skal ha framtidsretta og kostnadseffektive bygg.⁴⁴

I KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald frå 2009, blir det vist til at anslått årleg vedlikehaldsbehov, for å ha eit verdibeverande vedlikehald, vil vere 100 kroner per m² ved 30 års levetid og 170 kroner per m² ved 60 års levetid (inkludert naudsynte oppgraderingar). Dette er eit gjennomsnitt basert på vedlikehaldsbehovet til ulike bygningstypar, og arealfordelinga mellom bygningstypane.⁴⁵

Det blir vidare peikt på at utan, eller ved lågt vedlikehald, vil bygget vere slitt ned etter 15-20 år og kommunen blir «løpande» mellom akutte situasjonar og offentlege pålegg som krev ekstraordinære løyvingar. Det går også fram at manglande vedlikehald tvinger fram ei tidlegare totalrehabilitering, som vil kunne auke driftsutgiftene (inkludert årlege renter og avdrag) til langt meir enn 100 kroner per m² per år. KS konkluderer i sin rettleiar med at eit godt løpande vedlikehald er lønsamt.⁴⁶

(Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium).

⁴² St.prp.nr.61 (2005-2006): «Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2007 (kommuneproposisjonen)», s. 22.

⁴³ St.prp. nr. 61 (2005-2006)

⁴⁴ Meld. St. 28 (2011–2012): «Gode bygg for eit betre samfunn».

⁴⁵ KS Veileder 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold - En veileder for folkevalgte og rådmenn», s 9.


⁴⁶ KS Veileder 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold - En veileder for folkevalgte og rådmenn», s 9.

5.3 I kva grad er det eit vedlikehaldsetterslep knytt til fylkeskommunale skulebygg, og kva konsekvensar har eit eventuelt vedlikehaldsetterslep?

5.3.1 Datagrunnlag

Tal frå KOSTRA viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune har lågare utgifter til vedlikehaldsaktivitetar til skulelokale per m² enn gjennomsnitta for Vest-Noreg og landet utan Oslo. Der landet utan Oslo har gått frå 90 kroner per m² i 2012, via 109 kroner i 2013 til 95 kroner i 2014, og Vest-Noreg har ligge rett over eller rett under 90 kroner per m², har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt utgifter på under 80 kroner per m² i dei tre siste åra.

Figur 17: Utgifter til vedlikehaldsaktivitetar, skulelokale⁴⁷



(Kjelde: KOSTRA)

Revisjonen har fått førelagt to byggtekniske vurderingar av vedlikehald (og inneklime) av skulebygga i dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Den fyrste er gjennomført av Norconsult i 2012. Norconsult nytta NS3424 for å tilstandsvurdere bygga, og vurderte den byggtekniske tilstanden til kvart skulebygg, uavhengig av eigarskap.

Den byggtekniske vurderinga av skulebygga er organisert etter bygg, og gir ein vurdert tilstand for vedlikehald og inneklime på ein skala frå 0 til 3, der 0 tyder god tilstand, 1 tyder svake symptom, 2 betyr markerte symptom, og 3 betyr sterke symptom, tiltak naudsynt straks. Rapporten gjev så ei stipulert ramme for kva det vil koste å utbetre bygga, før det kjem ein detaljert gjennomgang av kva bygningsdeler som på bakgrunn av vurderinga må utbetrast. Denne delen inneheld framlegg til tiltak med stipulert kostnad.

Forutan Sogn jord- og hagebruksskule som ikkje inngår i rapporten, er bygga ved alle dei vidaregåande skulane i fylket vurdert med omsyn til vedlikehald. Bygga på fleire av dei vidaregåande skulane er òg vurdert med omsyn til inneklime, med unntak av fem skular der dette ikkje vart gjort.

Norconsult sine vurderingar teiknar eit variert bilete av vedlikehaldstilstanden på dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane; der alle bygga på nokre skular anten vart vurdert til skår 0 eller 1 i NS3424-standarden (Sogndal yrkesskule, Stryn og Årdal), hadde dei fleste

⁴⁷ Indikatoren inkluderer ei rekkje artar i driftsrekneskapet frå funksjon 510 (skular og skulelokalar), mellom anna utgifter knytt til lønn til vedlikehald, utgifter knytt til vedlikehald, byggetenester og nybygg, samt serviceavtalar, reparasjonar og vaktmeistertenester.

skulane eit eller fleire bygg med skår 2, og ein skule hadde eitt bygg med skår 3 (verkstadbygget på Måløy vidaregåande).

I rapporten føreslår Norconsult òg tiltak som bør gjennomførast på kvar bygning for at desse skal bli rusta opp til eit rimeleg «godt» nivå. Norconsult stipulerer vidare kostnadane for desse tiltaka. Storleiken på desse priskalkylane varierer, frå ein halv million på Hafstad (som allereie var under rehabilitering) til 40,4 millionar på Sogndal (begge avdelingane, samt idrettshallen).

Den andre tilstandsvurderinga vart gjennomført av Multiconsult i 2013.⁴⁸ Også Multiconsult nytta vurderingsprinsippa frå NS3424. Rapporten inneheld oversikt over dei ulike bygningstypane som vart vurdert, med ein arealvekta teknisk tilstand for kvar bygningstype. I oversikta går det fram at Multiconsult har gjort ei teknisk vurdering av 106 833 m² av Sogn og Fjordane sine bygg nytta til vidaregåande skule. Den vekta skåren til denne bygningsmassen er på 0,9. Til samanlikning er det nasjonale snittet for vekta teknisk tilstand i 2013 på 1,3.⁴⁹

I Multiconsult sin rapport er kvart bygg tilstandsvurdert i ei rekkje dimensjonar (t.d. grunn, fundamenter og bæresystem; vinduer, ytterdører; utvendig kledning og overflate; innvendig kledning, overflater, osb.).

Også i bygge- og eigedomstenesta si eiga oversikt over skulebygg går det fram kva tilstand dei enkelte bygga har med omsyn til vedlikehald.⁵⁰ Som i dei ovannemnde rapportane er bygningane i fylkeskommunen si oversikt skåra frå 0 til 3, med korresponderande fargekoder grønt (0), gult (1), oransje (2), og raudt (3). I motsetning til dei ovannemnde rapportane går det òg fram i bygge- og eigedomstenesta si eiga oversikt korleis den overordna situasjonen er på kvar skule med omsyn til vedlikehald. Det er desse vurderingane som er gjevne att i tabell 5 under.

Tabell 5: Tilstandsvurdering av vedlikehald

Nr.	Skule	Vedlikehald
1	Dale	1
2	Eid	0
3	Firda	1
4	Flora	1
5	Hafstad	2
6	Høyanger	1
7	Mo og Øyrane	
	<i>Avd. Mo</i>	1
	<i>Avd. Øyrane</i>	1
8	Måløy	1
9	Sogn jord- og hagebruksskule	2
10	Sogndal	
	<i>Sogndal allmennfag</i>	2
	<i>Sogndal yrkesskule</i>	1
	<i>Sogndal vgs idrettshall</i>	1
11	Stryn	1
12	Årdal	1

⁴⁸ *Tilstandsbarometer 2013 – Sogn og Fjordane fylkeskommune.*


⁴⁹ Tilstandsgrad 0 representerer «veldig god tilstand,» medan tilstandsgrad 3 representerer «veldig dårleg tilstand.»

⁵⁰ Oversikta er datert 27.10.2015.

Som det går fram av tabellen, er vedlikehaldet på éin skule (Eid) vurdert til 0 (best), seks av skulane får skår 1, og tre får skår 2. Ingen av skulane får skår 3.

I spørjeundersøkinga vart rektorane bedne om å vurdere den fysiske tilstanden til skulebygget. Svarkategoriane vart formulert slik at dei samsvarar med dei fire kategoriane i NS3424.⁵¹ Svara er grafisk attgjeve i figur 18. Som det går fram av figuren, vurderte fem av rektorane *dei tekniske installasjonane* ved skulen til å ha «veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slit og elde frå nybyggstandard.» Sju av rektorane vurderte at dei tekniske installasjonane har «god tilfredsstillande standard.»

Figur 18: Rektorane sine vurderingar av skulebygget



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane. N=12.)


Når det gjeld *dei indre flatene ved skulebygget* svara ni av rektorane at desse har «veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slit og elde frå nybyggstandard,» medan tre rektorar vurderte desse til å ha «god tilfredsstillande standard.»

Åtte av rektorane vurderte *dei ytre flatene ved skulebygget* til å ha «veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slit og elde frå nybyggstandard,» medan dei resterande fire rektorane vurderte desse til å ha «god tilfredsstillande standard.»

I spørjeundersøkinga vart rektorane òg bedne om å ta stilling til tre påstandar om vedlikehaldet og eit eventuelt vedlikehaldsetterslep ved skulen. Som det går fram av figur 19 svarer ti rektorar at påstanden *vedlikehaldet av skulen er på eit nivå som tilfredsstillar faglege tilrådingar* stemmer «i stor grad,» medan to rektorar svarer at dette stemmer «i nokon grad.» Åtte av rektorane svarer at det «i stor grad» stemmer at *vedlikehaldet av skulen er på det nivået det bør vere for å drive eit godt og forsvarleg vedlikehald*, noko dei resterande fire rektorane svarer stemmer «i nokon grad.» Til sist svarer ein rektor «i stor grad,» tre «i nokon grad,» fem «i liten grad» og tre «ikkje i det heile» på spørsmål om i kva grad påstanden *Sogn og Fjordane fylkeskommunen har eit vedlikehaldsetterslep knytt til denne skulen* stemmer.

⁵¹ Sjå tabell 7 på side 59.


Figur 19: I kva grad meiner du det stemmer at ...



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane. N=12.)

Dei fire rektorane som på førre spørsmål anten svarte at det «i stor grad» eller «i nokon grad» stemmer at *Sogn og Fjordane fylkeskommunen har eit vedlikehaldsetterslep knytt til denne skulen* vart bedne om å svare på spørsmål om *i kva grad vedlikehaldsetterslepet ved skulen har blitt redusert dei siste to åra?* Som vist i figur 20 svarer tre av rektorane at dette har skjedd «i nokon grad» medan den siste rektoren svarer at dette har skjedd «i liten grad.»

Figur 20: I kva grad har vedlikehaldsetterslepet ved skulen blitt redusert dei to siste åra?



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane. N=4.)

I intervjuet med rektorane blir det peika på at delar av bygningsmassen ved skulane er av eldre dato. Dette har konsekvensar mellom anna for ventilasjonsanlegga og dermed innklimaet og temperaturen. I tillegg nemner ein rektor at det er utfordringar knytt til tilstanden på utemiljøet på skulen.

Likevel er dei intervjuja rektorane samstemde i at det i liten grad er vedlikehaldsetterslep knytt til deira skular. Dei seier at bygge- og eigedomstenesta over tid har hatt fokus på å sikre eit godt vedlikehald av bygningsmassen. I tillegg blir det frå bygge- og eigedomstenesta vist til at fylkeskommunen har ein relativt ny bygningsmasse, og dermed også lite akkumulert vedlikehaldsetterslep. Driftsleiarane viser også til at dei eldre bygga vart bygga i ein god standard, noko som har gjort vedlikehaldet enklare.

Det blir vist til at bygge- og eigedomstenesta får mykje ut av kvar krone dei nyttar til vedlikehald. Bygge- og eigedomssjefen forklarar dette med at dei t.d. gjer mykje av vedlikehaldsarbeidet sjølve. Frå bygge- og eigedomstenesta sentralt blir det samtidig gitt uttrykk for at det er noko vedlikehaldsetterslep på skulebygga i fylket. Det blir vist til enkelte eldre ventilasjonsanlegg, men at det blir arbeidd planmessig med utskifting av desse slik at det gradvis blir betre. Vidare blir det peika på at det også er nokre bygg som ikkje har blitt rehabilitert. Manglane som oppstår dreier seg mykje om slitasje og at det ser gammalt ut, samt ein manglande heis ved eit bygg. Det blir likevel understreka at vedlikehaldsetterslepet har lite innverknad på brukarane sin arbeidskvardag (tilsette og elevar).

Sjølv om dei har gjort ein del investeringar i nye bygg, blir det også peika på at det er viktig at vedlikehaldet begynner med ein gong. Forventninga frå bygge- og eigedomstenesta er at dei vil trenge meir ressursar i dei komande åra ettersom dei nye bygga eldes, og at det derfor blir høgare utgiftar på vedlikehald i åra som kjem.⁵²

5.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det per i dag i liten grad er eit vedlikehaldsetterslep knytt til dei fylkeskommunale skulebygga, og i sist oppdaterte tilstandsoversikt utarbeidd av bygge- og eigedomstenesta er dei fleste bygga samla sett vurdert å ha tilstandsgrad 1 («svake symptom»). Dette er etter revisjonen si vurdering bra, med tanke på at Multiconsult peiker på at ei målsetting for kommunesektoren bør vere at bygningsmassen skal ha ein standard som samsvarer med tilstandsgrad 1 jamfør NS3424.⁵³

Frå bygge- og eigedomstenesta sentralt blir det samtidig presisert at det kan vere ein risiko for eit aukande vedlikehaldsetterslep knytt til den nye eller nyrehabiliterede bygningsmassen, sidan vedlikehaldsbudsjetta over tid har vore relativt låge. Revisjonen registrerer også at kostnadene til vedlikehaldsaktivitetar i skulebygg dei seinare åra har vore lågare enn gjennomsnitta både i Vest-Noreg og i landet utan Oslo. Revisjonen vil i den samanheng presisere viktigheita av å sikre at vedlikehaldet av skulebygga i åra framover er på eit nivå som sikrar at det ikkje opparbeider seg eit nytt vedlikehaldsetterslep.

5.4 I kva grad er vedlikehaldsarbeidet knytt til skulebygga løpande og førebyggjande?

5.4.1 Datagrunnlag

Revisjonen har fått førelagt dokumentasjon som viser langsiktige vedlikehaldsplanar for alle dei vidaregåande skulane i fylket.⁵⁴ Desse er i form av årlege budsjett for kvar skule i mellom åtte og ni år fram i tid. Budsjetta er delt inn i postane *løpande/periodisk*, *service tek.anlegg*, og *utskifting*.

⁵² Jf. bygge- og eigedomssjefen henger dette òg saman med at bygga har blitt meir teknisk avansert, og det er behov for fleire serviceavtalar enn tidlegare.

⁵³ Multiconsult (2004): Input til prosjekt 6219 Kommunenes ansvar for skulebygg.


⁵⁴ Langtidsbudsjett vedlikehald for ein gitt periode på ein gitt skule.

Kvar slik langtidsplan innehelder ei setning om kven som skal utarbeide plan og syte for at arbeidet med det løpande og periodiske vedlikehaldet for det bygningsmessige og dei tekniske anlegga blir utført. Anten er dette noko som driftsteknikaren eller driftsleiaren ved den enkelte skulen er ansvarleg for, eller så skal dette blir gjort av institusjonen sjølv i samarbeid med bygge- og eigedomstenesta. Ei likelydande setning står òg i kvar slik plan med omsyn til planlagde utskiftingar. Vidare innehelder kvar langtidsplan korte skildringar av kva som er planlagt utført dei neste tre-fire åra, samt kva dette arbeidet vil koste.

I intervju med bygge- og eigedomstenesta får revisjonen opplyst at desse planane blir oppdatert kvart år. Vidare blir dei løpande oppdatert etter kvart som større utbetringar blir gjennomført; t.d. om eit lekt tak må bli bytta, blir den langsiktige vedlikehaldsplanen for det aktuelle bygget oppdatert.

Rektorane og verneomboda vart i spørjeundersøkinga bedne om å karakterisere vedlikehaldsarbeidet på skulen som enten «løpande og førebyggjande» eller «prega av brannsløkking og skippertak.» Som det går fram av figur 21 valde 20 av respondentane alternativet «løpande og førebyggjande.» Av desse er elleve rektorar og ni verneombod. Ein rektor og to verneombod svarer «veit ikkje.» og eitt verneombod karakteriserer vedlikehaldsarbeidet som «prega av brannsløkking og skippertak.»

Figur 21: Kva påstand under meiner du best skildrar vedlikehaldsarbeidet ved skulen?



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane og verneomboda. N=24.)

Også dei som vart intervjua vart bedne om å karakterisere vedlikehaldsarbeidet knytt til skulebygga. Alle rektorane svarar at vedlikehaldsarbeidet er «løpande og førebyggjande», og ikkje prega av «brannsløkking eller skippertakarbeid». Rektorane skildrar elles vedlikehaldsarbeidet til bygge- og eigedomstenesta som «planmessig og verdibevarande,» det blir sagt at dei jobbar etter årlege planar og langtidsplanar, driver kontinuerlig oppussing og utskifting av komponentar ved skulen, og at det i liten grad er «tilfeldig vedlikehald.»

Også dei tilsette i bygge- og eigedomstenesta karakteriserer vedlikehaldsarbeidet som «løpande og førebyggjande.» Det blir peika på at det er langtidsplanar og budsjett for vedlikehald av alle skulebygga, og frå både driftsleiarane og bygge- og eigedomstenesta sentralt blir det sagt at dei har god kontroll på vedlikehaldsarbeidet av dei fylkeskommunale skulebygga. Det blir opplyst at bygge- og eigedomstenesta har eigne midlar tilgjengeleg for å finansiere større upårekna vedlikehaldsoppgåver som må bli utbetra straks. Elles blir større rehabiliteringar og utbygtingar lagt inn i langtidsplanane og langtidsbudsjetta.

5.4.2 Vurdering

Vedlikehaldsarbeidet som blir gjennomført ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune blir gjennomgåande kategorisert som «løpande og førebyggande. Som det går fram av avsnitt 5.3 over, er det per i dag også eit lite vedlikehaldsetterslep knytt til bygningsmassen. Samla sett gir undersøkinga ingen indikasjonar på at fylkeskommunen sitt vedlikehaldsarbeid ikkje er løpande og førebyggande. Dette er etter revisjonen si vurdering positivt, då løpande og førebyggande vedlikehald blir vurdert å vere mest kostnadseffektivt med tanke på å sikre eit godt, langsiktig vedlikehald av bygningsmassen (jf. mellom anna KS og Norsk Byggforskningsinstitutt).

6 Universell utforming

6.1 Problemstillingar

I dette kapitlet blir det gjeve svar på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad tilfredsstillir skulebygga krav til universell utforming?

- a. *I kva grad har fylkeskommunen oversikt over status for universell utforming ved skulebygga, og planar for eventuelle utbetringar?*
- b. *I kva grad blir skulane innreia slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar, jf. oppl. § 9a-2?*

6.2 Revisjonskriterium

Kapittel 3 i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova omhandlar universell utforming og individuell tilrettelegging. § 13 seier at «Offentlige virksomheter skal arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innenfor virksomheten.» Lova definerer universell utforming som «utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig.»

Vidare står det i § 13, tredje ledd, at:

Offentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten har plikt til å sikre universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjon så langt det ikke medfører en uforholdsmessig byrde for virksomheten. Ved vurderingen av om utformingen eller tilretteleggingen medfører en uforholdsmessig byrde skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, hvorvidt virksomhetens alminnelige funksjon er av offentlig art, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen, virksomhetens ressurser, sikkerhetsmessige hensyn og vernehensyn.

I 2009 utarbeidde regjeringa ein handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge for perioden 2009 – 2013.⁵⁵ Handlingsplanen skal mellom anna støtte opp under implementeringa av ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov, ny plan- og bygningslov og anna ny lovgjeving som omhandlar universell utforming. Det blir vist til at det kan vere ei stor økonomisk belastning knytt til oppgradering til universell utforming av eksisterande bygningar, og at ein difor legg til grunn ei stegvis og prioritert tilnærming. Samtidig går følgjande fram:

Andre undersøkelser og analyser viser imidlertid at merkostnadene er begrensede dersom oppgradering til universell utforming skjer gjennom planmessig vedlikehold og utbedring.⁵⁶

⁵⁵ Barne- og likestillingsdepartementet (2009): *Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009 – 2013.*

⁵⁶ Barne- og likestillingsdepartementet (2009): *Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009 – 2013*, side 7.

I opplæringslova § 9a-2 er det stilt krav om at «Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreist slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.»

(Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium).

6.3 I kva grad har fylkeskommunen oversikt over status for universell utforming ved skulebygga, og planar for eventuelle utbetringar?

6.3.1 Datagrunnlag

Revisjonen har fått førelagt dokumentasjon som viser oversikt over status for universell utforming ved dei vidaregåande skulebygga i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune bestilte og fekk gjennomført ei kartlegging av tilstanden på universell utforming ved eit utval fylkeskommunale bygg i 2014-2015.⁵⁷ I rapporten frå dette arbeidet går det fram at eit utval fylkeskommunale bygg vart vurdert med omsyn til universell utforming. Tilstanden når det gjeld universell utforming vart vurdert for alle dei 12 vidaregåande skulane i fylket.⁵⁸ I arbeidet vart det nytta ei sjekkliste utarbeidd med utgangspunkt i Byggteknisk forskrift frå 2010 (TEK10). Bygge- og eigedomssjefen kommenterer i intervju at lista blei lagt høgt i samband med kartlegginga av universell utforming, i og med at TEK10 vart lagt til grunn. Ingen av skulebygga er oppført etter denne standarden, blir det opplyst, samtidig som det blir presisert at alle skulebygga er oppført etter gjeldande krav på søknadstidspunktet. På bakgrunn av vurderingane vart det utarbeidd momentlister der dei viktigaste overordna tilhøva vart samanfatta med ei karaktervurdering. Desse vurderingane inngår i ei momentliste som er vedlagt kartleggingsrapporten.

Momentlista er utarbeidd for kvar vidaregåande skule, og ikkje for kvart enkelt bygg. Momenta som inngår i lista er delt mellom utomhus og innomhus, og vurderer ei rekkje forhold som anten høg, middels eller låg skår, med tilhørande fargekodar (grøn, gul og raud). Forholda som er vurdert inkluderer tal parkeringsplassar for bevegelseshemma, tilkomst til bygga, dørbreidde, trinnfritt inngangsparti, dørautomatikk, breidde/hindringar og trinnfrie kommunikasjonsveggar innomhus, skilting utomhus og innomhus, breidde og tilkomst i trappar, belysning, storleik på eventuelle heisar, breidde og terskel på dørar, portar, mv., og universell utforming på bad og toalett.

Basert på kartlegginga som blei utført, har fylkeskommunen inkludert status når det gjeld universell utforming i si oversikt over nøkkelinformasjon om fylkeskommunale bygg.⁵⁹ Her inngår ei kolonne der kvar skule (men ikkje kvart bygg på kvar skule) er vurdert på overordna nivå med omsyn til universell utforming. Her blir universell utforming vurdert frå 0 til 3 med korresponderande fargekodar (grøn, lysegrøn, gul og raud). Vurderingane per skule slik dei går fram i oversikta frå Sogn og Fjordane fylkeskommune er attgjeve i tabell 6 under.

⁵⁷ Sjå Kartlegging universell utforming – Tiltaksrapport (2014-2015) Sogn og Fjordane Fylkeskommune (12.03.2015), Arkitektfirma Jon Vikøren AS.

⁵⁸ Frå lista over bygg som vart vurdert på side 8 i rapporten går det fram at heile eller deler av Dale, Eid, Firda, Flora, Hafstad, Høyanger, Mo og Øyrane, Måløy, Stryn, Sogndal og Årdal vidaregåande skular, samt Sogn jord- og hagebruksskule inngjekk i registreringa.

⁵⁹ Nøkkelinformasjon, bygg (27.10.2015).

Tabell 6: Universell utforming ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane

Skule	Universell utforming
Dale	2
Eid	1
Firda	2
Flora	1
Hafstad	2
Høyanger	1
Mo og Øyrane (Mo)	3
Mo og Øyrane (Øyrane)	2
Måløy	2
Sogn jord- og hagebruksskule	3
Sogndal allmennfag	N/A?
Sogndal yrkesskule	0
Sogndal vgs idrettshall	2
Stryn	1
Årdal	1

Dei intervjua rektorane seier alle at bygge- og eigedomstenesta har god oversikt over status for universell utforming på deira skular. I intervju med rektorane kjem det òg fram at dei opplever at bygge- og eigedomstenesta tar omsyn til universell utforming i det løpande vedlikehaldsarbeidet på skulane. Dette blir stadfesta i intervju med tilsette i bygge- og eigedomstenesta.

Frå bygge- og eigedomstenesta blir det opplyst at den ovannemnde kartlegginga av universell utforming blir nytta i vedlikehaldsplanane. Særleg gjelder dette dei større og viktigare momenta; til dømes blir manglande heis i eit skulebygg peika på som noko som dei vil forsøke å få utbetra når dei skal renovere det aktuelle bygget. Som eit anna døme på korleis kartlegginga blir nytta i det praktiske arbeidet med universell utforming, peiker bygge- og eigedomssjefen på at dei i arbeidet med rehabilitering av Sogn jord- og hagebruksskule har brukt rapporten slik at dei sikrar størst mogleg grad av universell utforming når dei skal utføre vedlikehald/rehabilitering.

I langtidsplanane for vedlikehald som revisjonen har mottatt inngår ikkje spesielle tiltak knytt til universell utforming. Det er heller ikkje utarbeidd eigne planar om skildrar gjennomføring og prioritering av tiltak knytt til universell utforming, basert på tilstandskartlegginga som er gjennomført.

6.3.2 Vurdering


Gjennom den kartlegginga som blei gjennomført i 2014-15 synast fylkeskommunen etter revisjonen si vurdering å ha fått god oversikt over status for universell utforming ved dei vidaregåande skulane i fylket. Dette er eit viktig utgangspunkt for å arbeide vidare med tiltak for å sikre best mogleg universell utforming til beste for både elevar og tilsette ved skulane. Basert på det som kjem fram i undersøkinga synast det også å vere fokus på å sikre at tiltak knytt til universell utforming i størst mogleg grad blir utført i samband med planlagt vedlikehald og i samband med større rehabiliteringar av bygga. Samtidig meiner revisjonen at fylkeskommunen, basert på kartlegginga som er utført, bør tydeleggjere ein strategi for universell utforming ved skulebygga, som inneheld gjennomføringsplan og prioritering av tiltak. Revisjonen meiner konkrete planar med prioriteringar av tiltak er viktig for å sikre fokus på dette området, og sikre at kartlegginga som er gjennomført blir følgt opp på systematisk vis.

6.4 I kva grad blir skulane innreia slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemmingar, jf. oppl. § 9a-2?

6.4.1 Datagrunnlag

I spørjeundersøkingane vart respondentane bedne om å svare på ulike spørsmål knytt til universell utforming på skulane. Rektorane og verneomboda blei mellom anna spurt *i kva grad skulen er innreia slik at det blir teke omsyn til eventuelle elevar eller tilsette ved skulen som har funksjonshemmingar*. Som det går fram av figur 22, svarer totalt ni respondentar «i stor grad», fordelt på fem rektorar og fire verneombod. Tolv respondentar svarer «i nokon grad», eitt verneombod og ein rektor svarer «ikkje i det heile,» og eitt verneombod svarer «veit ikkje.»


Figur 22: I kva grad er skulen innreia slik at det blir teke omsyn til eventuelle elevar eller tilsette ved skulen som har funksjonshemmingar?



(Kjelde: Spørjeundersøking til rektorane og verneomboda. N=24.)

Elevråda vart stilt eit likelydande spørsmål, men berre om *i kva grad skulen er innreia slik at det blir teke omsyn til eventuelle elevar ved skulen som har funksjonshemmingar*. Som vist i figur 23 svarer fire av elevråda «i stor grad,» fire svarer «i nokon grad,» eitt svarer «ikkje i det heile, og eit svarer «veit ikkje.»


Figur 23: I kva grad er skulen innreia slik at det blir teke omsyn til eventuelle elevar ved skulen som har funksjonshemmingar?



(Kjelde: Spørjeundersøking til elevråd. N=10.)

Elevråda vart òg spurd om *i kva grad alle elevar ved skulen har ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira*. Som vist i figur 24 svarer fem elevråd «i stor grad», fire «i nokon grad» og eitt «i liten grad.»

Figur 24: I kva grad har alle elevar ved skulen ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira?



(Kjelde: Spørjeundersøking til elevråd. N=10.)

Frå intervju går det fram at både driftsleiarar og rektorar meiner at fylkeskommunen stort sett greier å tilpasse og utbetre bygga etter behovet for universell utforming, og slik at det blir tatt omsyn til elevar som har funksjonshemmingar.

Det blir vist til at det er eit godt samarbeid mellom skulane og opplæringsavdelinga i fylkeskommunen på den eine sida, og bygge- og eigedomstenesta på den andre sida. Skulane og opplæringsavdelinga blir opplyst å har god oversikt over komande elevar med spesielle behov, og bygge- og eigedomstenesta blir dermed som oftast varsla i relativt god tid om behov for bygningsmessige tilpassingar knytt til enkeltelevar. Bygge- og eigedomssjefen opplever at fylkeskommunen klarer å innfri elevane sin rett til ein tilpassa arbeidsplass ved skulane.

Frå driftsleiarane blir det samtidig peika på at det nokre gonger ikkje er mogleg reint

bygningsteknisk å tilpasse bygninga; for eksempel kan bygget vere så gammalt at det ikkje er mogleg å installere heis.⁶⁰ Om skulen då får ein elev som er rullestolbrukar, flyttar dei gjerne klassen frå 2. til 1. etasje. Andre døme på at det blir gjort tilpassingar for elevar med funksjonshemmingar, utan at det blir gjort bygningsmessige endringar, vart nemnd i fleire intervju.

Etter det assisterande fylkesdirektør for opplæring er kjent med, har fylkeskommunen ikkje fått klager eller tilbakemelding om utfordringar knytt til bygga frå elevar eller føresette i samband med elevar med funksjonshemmingar.

6.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det både frå skulane og bygge- og eigedomstenesta si side er fokus på å sikre at bygga i størst mogleg grad blir tilpassa og innreia slik at det blir tatt omsyn til eventuelle elevar med funksjonshemmingar. Det blir også vist til god dialog mellom dei ulike skulane/opplæringsavdelinga og bygge- og eigedomstenesta i samband med at nye elevar med spesielle behov skal begynne ved skulane.

Fleire av dei som er intervjua viser til at det i enkelte tilfelle er vanskeleg å gjere bygningsmessige endringar, og at det då blir gjort tilpassingar ved å flytte klassen til ein del av skulen som er tilgjengeleg for den eleven det gjeld. Revisjonen meiner det er positivt at ein ser etter alternative løysingar der det ikkje er mogleg å tilpasse bygget fullt ut. Samtidig inneber ein del slike løysingar at elevar med funksjonshemmingar ikkje har tilgang til heile skulebygget på lik line med andre elevar. Dette er uheldig, og det er etter revisjonen si vurdering viktig at slike løysingar berre blir nytta som siste utveg, og ikkje som eit fullverdig alternativ til bygningsmessige tilpassingar der dette er mogleg å gjennomføre.

⁶⁰ Dette er til dømes tilfelle på Mo og Øyrane vidaregåande skule, der ei av bygningane er frå 1800-talet.

7 Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at skulebygga ved dei vidaregåande skulane i Sogn og fjordane i all hovudsak har eit fysisk miljø som er i samsvar med krav i opplæringslova kapittel 9a, og i samsvar med sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Vidare er det revisjonen si vurdering at ansvarsdelinga mellom eigar, forvaltar og brukarar av skulebygga, når det gjeld forhold knytt til det fysiske miljøet, er tydeleg. Fylkeskommunen har også god oversikt over tilstanden til bygga, og undersøkinga viser at det i liten grad er eit vedlikehaldsetterslep knytt til bygningsmassen.

Samtidig viser undersøkinga at det også er enkelte forbetringspotensial når det gjeld fylkeskommunen sitt arbeid med vedlikehald og inneklima i skulebygga. Mellom anna meiner revisjonen at fylkeskommunen ikkje har eit tilfredsstillande internkontrollsystem i samsvar med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 4, og at det mellom anna er behov for å tydeleggjere ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta. Undersøkinga indikerer også at det ikkje alltid blir fatta enkeltvedtak i tilfelle der det blir bedt om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve. Manglande enkeltvedtak er ikkje er i samsvar med krav i oppl. § 9a-2, og det er viktig at fylkeskommunen sikrar at krav i opplæringslova blir etterlevd.

Det er vidare revisjonen si vurdering at fylkeskommunen per i dag ikkje har eit tilfredsstillande avvikssystem knytt til vedlikehald og inneklima i skulebygga. Avvikssystemet er per i dag for lite formalisert, og sikrar ikkje at alle avvik blir registrert, følgt opp og meldt tilbake om til den som har meldt frå om avviket i første omgang. Revisjonen meiner også fylkeskommunen bør vurdere å operasjonalisere måla som er sett for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid, for å bidra til eit tydelegare styringsgrunnlag. Når det gjeld universell utforming, meiner revisjonen at fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide ein strategi for det vidare arbeidet med å sikre universell utforming ved skulebygga.

Basert på undersøkinga anbefaler revisjonen at Sogn og Fjordane fylkeskommune sett i verk følgjande tiltak:

1. Sikrar at det blir etablert eit internkontrollsystem i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§ 4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta blir tydeleggjort.
2. Sikrar at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. oppl. § 9a-2 fjerde ledd).
3. Sikrar at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima.
4. Vurderer å operasjonalisere dei overordna måla som er sett for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid.
5. Vurderer å utarbeide ein strategi for det vidare arbeidet med universell utforming ved skulane, som mellom anna inneheld gjennomføringsplan og prioritering av tiltak.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Deloitte AS
v/ Line Margrete Johansen
Damsgårdsveien 135

5160 LAKSEVÅG

Side 1 av 2

Bygge- og eigedomstenesta

Sakshandsamar:
Jan Tore Rosenlund
E-post: jan.tore.rosenlund@sff.no
Tlf.: 91674735

Vår ref.
Sak nr.: 15/10524-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
14604/16

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 26.04.2016

Forvaltningsrevisjon - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg

Viser til dykkar e post av 04.03.2016, vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport om vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg.

Fylkesrådmannen konstaterer at revisjonsgjennomgangen konkluderer med at det fysiske miljøet på skulane i all hovudsak samsvarar med krav i opplæringslova (§9a) og sentrale krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Vidare deler fylkesrådmannen revisjonen si vurdering omkring ei tydeleg ansvarsdeling i høve det fysiske miljøet og at fylkeskommunen har ein god oversikt over tilstanden på dei fylkeskommunale eigedommane.

Vi har gått gjennom utkast til revisjonsrapport og vil gje slik fråsegn:

- ❖ Det er rett som revisjonen skriv at det ikkje er skriftleggjort tydeleg nok i kvalitets- og rutinehandboka kven som har ansvar for å følgje opp kravet om helseverngodkjenning i medhald av forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Samstundes er det viktig å merke seg at fylkesrådmannen ikkje kjenner til nokon tilfelle der kravet i forskrifta ikkje har blitt etterlevd. Det er òg viktig å merke seg at andre krav i forskrifta, som m.a. rutinar for handsaming av kriser og ulucker, er dekte i kvalitets- og rutinehandboka. Fylkesrådmannen har byrja eit arbeid med å tydeleggjere ansvar knytt til krava i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular i kvalitets- og rutinehandboka.
- ❖ Revisjonen skriv at «Undersøkinga indikerer også at det ikkje alltid blir fatta enkeltvedtak i tilfelle der det blir bedt om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve.» Dette tekstutdraget kan gje eit inntrykk av at det ikkje alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med krava i opplæringslova §9a-2. Dette skal sjølv sagt ikkje skje, men spørjeundersøkinga blei gjennomført på eit tidspunkt med fleire relativt nye rektorar. Desse hadde på tidspunktet for undersøkinga ikkje fullført alle deler av internopplæringa. Som revisjonen òg peikar på, eksisterer det rutinar og malar for korleis krava skal følgjast opp.
- ❖ Revisjonen peikar på at fylkeskommunen pr. i dag ikkje har eit einsarta FDV-system som legg til rette for systematisk oppfølging av avvik i samband med vedlikehald og inneklima i bygga. Samstundes er det viktig å merke seg at avvik vert melde og handsama gjennom eksisterande system, sjølv om dette skjer i noko ulik form. Dette vert og stadfesta i spørjeundersøkinga, der brukarane av bygga i hovudsak opplever at det er tydelege system knytt til det å fange opp og melde frå om feil og manglar som er relatert til vedlikehald og inneklima i skulebygga. Det går fram av revisjonsrapporten at fylkesrådmannen har starta eit arbeid med eit nytt FDV-system som innehar slik einsarta avvikskomponent. Dette vil legge til rette for at brukarane av bygget kan registrere avvik direkte til systemet og få tilbakemelding når avvik er lukka.

Besøksadresse:

Fylkeshuset

Postadresse:

Askedaalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:
post@sff.no
Heimeside:
www.sff.no

Telefon:
57638000

Bankgiro:
4212 02 02000
Org. nr. :
NO 941 388 841 MVA

- ❖ Del overordna målsettingane for bygge- og eigedomstenesta er godt kjende og forstått av alle aktørane. Dette vert stadfesta i revisjonsrapporten som saman med at undersøkingane syner at fylkeskommunen i stor grad lukkast med å sikre eit godt fysisk miljø i skulebygga. Fylkesrådmannen vurderer det slik at del overordna målsettingane fungerer. Fylkesrådmannen kan, som revisjonen peikar på, vurdere å operasjonalisere måla nærare. Det bør likevel vurderast om dette er naudsynt i eit kost/nytte perspektiv. Gjennom eksisterande vedlikehaldsplanar, faste vedlikehaldsmøte og eit fungerande internkontrollsystem, følgjer bygge- og eigedoms-tenesta opp målsettinga svært detaljert og vi lukkast med dette slik revisjonen sjølv peikar på.
- ❖ Fylkeskommunen har i si overordna målsetting fastlagt at det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda. Rapporten stadfestar at bygge- og eigedomstenesta har fokus på dette arbeidet slik at bygga i størst mogleg grad vert tilpassa og innreia slik at det vert teke omsyn til elevar og tilsette med ev. funksjonshemmingar. Gjennomførde kartleggingar inngår som ein del av planleggingsgrunnlaget når det vert gjort endringar og mindre ombyggingar i eldre bygg. Strategien i dette arbeidet har vore prioritert på tilkomst og orientering. I nybygg og større ombyggingar vert krav til universell utforming gjennomførde i samsvar med gjeldane regelverk. Den konkrete oppfylginga og prioritering av tiltak må nød-vendigvis vere tilpassa den enkelte eigedom, funksjon og behov og framleis vere integrert del av planlegginga til bygge- og eigedomstenesta. I utgangspunktet finn fylkesrådmannen dette tilfredsstillande med dagens strategi og fokus på området.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Jan Tore Rosenlund
bygge- og eigedomssjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Deloitte AS Damsgårdsveien 135 5160 LAKSEVÅG

Kopi til:
Einar Ulla, SEK

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Opplæringslova

Opplæringslova kapittel 9a fungerer som «elevane si arbeidsmiljølov», og trådte i kraft 1. april 2003. Av generelle krav i § 9a-1 går det fram at «Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.» Vidare går følgjande fram av § 9a-2:

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helse, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til kvar tid anbefalar. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helse, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

I forarbeida til opplæringslova, ot.prp.nr.72 (2001-2002), er det gjort nærare greie for kva som ligg i kravet om at miljøet skal ha ein «tilfredsstillende» verknad. Her går det mellom anna fram at spørsmålet om i kva grad situasjonen/tilstanden er «tilfredsstillende», må bli vurdert i kvart einskild tilfelle, og at ein må nytte fagleg skjønn. Det som er avgjørande er kva verknad til dømes innklimaet har, eller kan antas å ha, på helse, trivselen og læringa til elevane. Vidare står det at grunnkravet bør «knytast til *verknaden* av miljøet på den enkelte elev, snarare enn å knyte det direkte til *miljøet*».⁶¹ Vidare går følgjande fram av merknadene til § 9a-1:

At verknaden skal vere tilfredsstillande, vil seie at skolemiljøet ikkje skal forårsake eller forsterke helseplager eller mistrivsel, eller øydeleggje, hindre eller forstyrre læringa. Kravet gjeld både det fysiske og det psykososiale miljøet.

Kravet gjeld uavhengig av skolen si økonomiske stilling. Det kan ikkje dispenserast frå føresegna.

Av ot.prp.nr.72 (2001-2002) går det også fram at «føre vår-prinsippet inneber at ein ikkje bør vente til problema oppstår, men vere i framkant».⁶² I merknadene til § 9a-2 er dette nærare forklart:

Enkelte elevar vil på grunn av allergiar eller anna overfølsemd reagere raskare på negativ miljøpåverknad enn andre. Forutan at skolemiljøet ikkje vil vere tilfredsstillande for denne

⁶¹ Ot.prp.nr.72 (2001-2002), punkt 6.2.1 om "Det fysiske miljøet", side 15.

⁶² Ot.prp.nr.72 (2001-2002), punkt 6.2.1 om "Det fysiske miljøet", side 15.

gruppa, vil medlemmene fungere som «røykvarslarar» som kan gi indikasjonar på at fleire elevar vil bli plaga på lengre sikt om tilhøva ikkje vert betra. Sjukdom og plager utviklar seg ofte over tid, og det er derfor viktig å ta også mindre plager på alvor.

Folkehelselova med forskrifter

Sentralt blant føresegna som regulerer inneklimate er folkehelselova kapittel 3, som omhandlar miljøretta helsevern. Av § 8, første ledd, går det fram at

Miljørettet helsevern omfattar de faktorer i miljøet som til enhver tid direkte eller indirekte kan ha innvirkning på helsen. Disse omfattar blant annet biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorer.

Av *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular* går det fram kva krav som gjeld spesielt for det fysiske miljøet i skular og barnehagar. Statens Helsetilsyn har i tillegg utarbeidd ein rettleiar til forskrifta.⁶³ I denne blir det gitt rettleiing til dei ulike paragrafane i forskrifta, mellom anna gjennom praktiske døme.

I § 6 i forskrifta blir det stilt krav om godkjenning av skular og barnehagar:

Virksomheter som omfattes av forskriften, jf. § 2, skal være godkjent av kommunestyret.
(...)

Søknad skal fremlegges for godkjenningmyndigheten når det foreligger plan for etablering, utvidelse eller endring av virksomheten.

Søknad om godkjenning skal inneholde dokumentasjon som viser hvordan virksomhetens eier vil sikre at virksomheten planlegges, etableres, drives og videreutvikles i samsvar med forskriftens bestemmelser.

Av § 7 i forskrifta går det fram at «Virksomheter som omfattes av forskriften, skal være helsemessig tilfredsstillende. (...)» I § 13 i same forskrift blir krav til reingjering og vedlikehald omtala:

De deler av virksomhetens innendørs arealer som er i daglig bruk, skal ha forsvarlig renhold etter hygienisk tilfredsstillende metoder.

Hovedrengjering skal gjennomføres årlig i innendørs arealer.

Uteområdet og tekniske anlegg skal vedlikeholdes og rengjøres etter behov.

I rettleiaren til forskrifta går mellom anna følgjande fram om reinhald og den betydninga reinhaldet har for inneklimate:

Sammenheng mellom støv og helseplager hos følsomme individer og individer med astma og allergi er godt dokumentert. Hensikten med renhold er å redusere forekomsten av støvpartikler, allergener og smittestoffer. (...) Støv kan i seg selv være skadelig, samtidig som støvet transporterer med seg kjemiske forbindelser som kan ha negativ innvirkning på helsen.⁶⁴

I rettleiaren blir det også påpeikt at tilfredsstillande vedlikehald er ein føresetnad for å sikre best mogleg reinhald. I § 19 i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular går følgjande krav til inneklimate/luftkvalitet fram:

⁶³ Statens Helsetilsyn (1998): *Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* IK-2619.

⁶⁴ Statens Helsetilsyn (1998): *Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* IK-2619. Side 50.

Virksomheten skal ha tilfredsstillende inneklima, herunder luftkvalitet.

Temperaturregulering og ventilasjon skal være tilpasset bruksområdet og årstidsvariasjoner.

I §§ 20 og 21 blir det stilt krav om høvesvis tilfredsstillende lydforhold og tilfredsstillende lysforhold. I § 23 i forskrifta blir det også stilt krav om at «Virksomheten skal ha et tilstrekkelig antall tilgjengelige toaletter og vasker. Sanitære anlegg skal ha hygienisk tilfredsstillende utforming, kapasitet og standard.»

Verdibevarande vedlikehald

Vedlikehaldskostnader og vedlikehaldsetterslep

Ifølgje st.prp.nr.61 (2005 – 2006) er det «en sentral målsetting at dagens vedlikehaldsetterslep fjernes, samtidig som man unngår at nytt etterslep oppstår.»⁶⁵ Det blir også vist til at for å oppnå dette, må kommunesektoren auke driftsutgiftene til vedlikehald.⁶⁶ Av melding til Stortinget nr. 28 (2011–2012) går det fram at det offentlege skal ha framtidsretta og kostnadseffektive bygg.⁶⁷

I KS sin rettleiar for betre eigedomsforvaltning og vedlikehald frå 2009, blir det vist til at anslått årleg vedlikehaldsbehov, for å ha eit verdibevarande vedlikehald, vil vere 100 kroner per m² ved 30 års levetid og 170 kroner per m² ved 60 års levetid (inkludert naudsynte oppgraderingar). Dette er eit gjennomsnitt basert på vedlikehaldsbehovet til ulike bygningstypar, og arealfordelinga mellom bygningstypane.⁶⁸

Det blir vidare peikt på at utan, eller ved lågt vedlikehald, vil bygget vere slitt ned etter 15-20 år og kommunen blir «løpande» mellom akutte situasjonar og offentlege pålegg som krev ekstraordinære løyvingar. Det går også fram at manglande vedlikehald tvinger fram ei tidlegare totalrehabilitering, som vil kunne auke driftsutgiftene (inkludert årlege renter og avdrag) til langt meir enn 100 kroner per m² per år. KS konkluderer i sin rettleiar med at eit godt løpande vedlikehald er lønsamt.⁶⁹

Ulike former for vedlikehald

I ein rapport frå Norges Byggforskningsinstitutt (byggforsk) blir det også vist til at levetida til eit skulebygg blir forlenga ved ulike typar vedlikehald. I rapporten går det fram at «vedlikeholdskostnader blir lavest ved en fornuftig kombinasjon av løpende og forebyggende vedlikehold.»⁷⁰ Former for vedlikehald som blir rekna som lite lønsame, er «brannsløkking»⁷¹ og «skippertak.»⁷²

Også Eigedomsforvaltningsutvalet peikar i NOU 2004:22 på at planmessig vedlikehald er lønsamt over tid, og vil medføre lågare forvaltningskostnader enn dersom vedlikehaldet blir utført etter «brannsløkkingsmetoden.» Eigedomsforvaltningsutvalet definerer «planmessig vedlikehold» som:

⁶⁵ St.prp.nr.61 (2005-2006): «Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2007 (kommuneproposisjonen)», s. 22.

⁶⁶ St.prp. nr. 61 (2005-2006)

⁶⁷ Meld. St. 28 (2011–2012): «Gode bygg for eit betre samfunn».

⁶⁸ KS Veileder 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold - En veileder for folkevalgte og rådmenn», s 9.

⁶⁹ KS Veileder 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold - En veileder for folkevalgte og rådmenn», s 9.

⁷⁰ Norges Byggforskningsinstitutt, 2004: 5.

⁷¹ «Brannsløkking» blir nytte for å beskrive en situasjon der det blir utført for lite førebyggjande vedlikehald, og det oppstår akutte skader som må prioriterast. Dette kan for eksempel være en taklekkasje.

⁷² «Skipperetak» beskriver en situasjon der vedlikehaldet er forsømt over fleire år, og det må eit «skippertak» til for å ta igjen det forsømte.

Tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendige for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. I dette inngår også utskifting av komponenter, for eksempel utskifting av fugemasse, utskifting av listverk, dører, vinduer osv.⁷³

Eigedomsforvaltningsutvalet viser til at eit utbredt alternativ til planmessig vedlikehald er å la eit bygg forfalle gradvis for deretter å gjennomføre ei større rehabilitering. Dette skjer gjerne i samband med ombygging av bygget for å tilpasse det til endra krav eller behov.

Referansenivå for vurdering av tilstand

For å skildre tilstanden til eit bygg, er det viktig å ha eit eintydig og allment akseptert referansenivå for graderingar av tilstand. I samband med denne forvaltningsrevisjonen nyttar vi difor tilstandsgradene som går fram av Norsk Standard 3424 (NS3424), *Tilstandsanalyse for byggverk. Innhold og gjennomføring*.⁷⁴ I NS3424 blir fire graderingar for vurdering av tilstandsgrad for eit bygg presentert. Desse er attgjeve i tabell 7 under.

Tabell 7 Kartlegging av tilstand jamfør NS3424 og Multiconsult⁷⁵

Tilstandsgrad	Tilstand jamfør referansenivået	Skildring
0	Ingen avvik	Veldig god standard utan feil og manglar og berre ubetydeleg slit og elde frå nybyggstandard Ingen symptom på avvik
1	Mindre eller moderate avvik	God, tilfredsstillande standard, der alle lovar og forskrifter er ivareteke. Noko slitasje og elde frå nybyggstandard.
2	Vesentlige avvike	Eit visst omfang av feil og manglar som krev teknisk utbetring og/eller avvik frå lovar og forskrifter.
3	Stort eller alvorlig avvik	Omfattande skadar, feil og manglar. Mykje slitasje. Monaleg behov for teknisk utbetring. Avvik frå lovar og forskrifter.

Ifølgje Multiconsult⁷⁶ er det vanlegvis urealistisk for eigedomsforvaltarar å ha ei målsetting om at bygningsmassen skal oppretthalde ein standard som til ei kvar tid har eit kvalitetsnivå som samsvarer med nybyggkvalitet. Det går fram at ei målsetting om at bygningsmassen skal ha ein standard som samsvarer med tilstandsgrad 1 jamfør NS3424 er meir fornuftig og realistisk. Ut ifrå dette står «oppgraderingsbehovet» for dei kostnader som er knytt til å heve kvaliteten på bygningsmassen slik at den tilfredsstillar krava til tilstandsgrad 1.

Det finst tilråda verdiar og tilstandsgrader gitt av ulike fagmynde også for inn klimaet – til dømes normer for CO₂-innhald i lufta, tilråda støynivå, tilråda temperatur inne og normer for belysning til dømes i klasserom. Det vil ikkje bli nytta måleinstrument i dette

⁷³ NOU 2004:22, side 28.

⁷⁴ Heretter omtala som NS3424

⁷⁵ Multiconsult (2004): *Input til prosjekt 6219 Kommunenes ansvar for skolebygg*

⁷⁶ Multiconsult (2004): *Input til prosjekt 6219 Kommunenes ansvar for skolebygg*.

forvaltningsrevisjonsprosjektet, og ein vil difor ikkje gå nærare inn på detaljane i desse tilrådingane.

Universell utforming

Diskriminerings- og tilgjengelegheitslova

Kapittel 3 i diskriminerings- og tilgjengelegheitslova omhandlar universell utforming og individuell tilrettelegging. § 13 seier at «Offentlige virksomheter skal arbeide aktivt og målrettet for å fremme universell utforming innenfor virksomheten.» Lova definerer universell utforming som «utforming eller tilrettelegging av hovedløsningen i de fysiske forholdene, inkludert informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), slik at virksomhetens alminnelige funksjon kan benyttes av flest mulig.»

Vidare står det i § 13, tredje ledd, at:

Offentlige og private virksomheter rettet mot allmennheten har plikt til å sikre universell utforming av virksomhetens alminnelige funksjon så langt det ikke medfører en uforholdsmessig byrde for virksomheten. Ved vurderingen av om utformingen eller tilretteleggingen medfører en uforholdsmessig byrde skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, hvorvidt virksomhetens alminnelige funksjon er av offentlig art, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen, virksomhetens ressurser, sikkerhetsmessige hensyn og vernehensyn.

I 2009 utarbeidde regjeringa ein handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge for perioden 2009 – 2013.⁷⁷ Handlingsplanen skal mellom anna støtte opp under implementeringa av ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov, ny plan- og bygningslov og anna ny lovgjeving som omhandlar universell utforming. Det blir vist til at det kan vere ei stor økonomisk belastning knytt til oppgradering til universell utforming av eksisterande bygningar, og at ein difor legg til grunn ei stegvis og prioritert tilnærming. Samtidig går følgjande fram:

Andre undersøkelser og analyser viser imidlertid at merkostnadene er begrensede dersom oppgradering til universell utforming skjer gjennom planmessig vedlikehold og utbedring.⁷⁸

I opplæringslova § 9a-2 er det stilt krav om at «Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Internkontroll

Av kommuneloven § 23 andre ledd, går det fram at «administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Vidare blir det gjennom opplæringslova § 9a-4 stilt krav om systematisk arbeid for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll). Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk, slik at krav i oppl. § 9a blir oppfylte. Av oppl. § 13-10 går det også fram at

⁷⁷ Barne- og likestillingsdepartementet (2009): *Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009 – 2013.*

⁷⁸ Barne- og likestillingsdepartementet (2009): *Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009 – 2013, side 7.*

skuleeigar skal ha «(...) eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte.»

Vidare går krav til internkontroll knytt til skulen sitt fysiske miljø fram av forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular, samt tilhøyrande rettleiing frå Sosial- og helsedirektoratet. Av § 4 i forskrifta går det fram at:

Leder av virksomheten har ansvar for å påse at bestemmelsene i eller i medhold av denne forskrift overholdes, og skal rette seg etter de pålegg som kommunen til enhver tid gir.

Virksomhetens eier skal påse at det er etablert et internkontrollsystem.

Norges byggforskningsinstitutt viser til at kommunane plikter å:

gjennomføre dokumentert egenkontroll av at regelverket blir overholdt. En god forvalter av skolebygg (...) har (...) et system for kartlegging, rapportering og retting av avvik i forhold til de offentlige kravene som stilles.⁷⁹

ECON og Multiconsult viser til at regelmessige kontrollar av bygg er viktig, og då spesielt i forhold til bygningsmessige forhold som det ikkje kan forventast at brukarane vil gje tilbakemeldingar om. I tillegg seier ECON og Multiconsult at det bør "*innhentes systematiske tilbakemeldinger fra brukerne om drifts- og vedlikeholdspersonalets arbeid*".⁸⁰

⁷⁹ Norges byggforskningsinstitutt, 2004: 7.

⁸⁰ ECON og Multiconsult, 2002: 43.

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Regelverk

- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, *Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)*, LOV-2013-06-21-61, 01.01.2014
- Helse- og omsorgsdepartementet, *Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)*, LOV-2011-06-24-29, 01.01.2012
- Helse- og omsorgsdepartementet, *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*, FOR-1995-12-01-928, 01.01.1996
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, *Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*, LOV-1992-09-25-107, 01.01.1993
- Kunnskapsdepartementet, *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)*, LOV-1998-07-17-61, 27.11.1998

Dokument frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

- Norconsult, *Byggeteknisk vurdering av vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylke*, 23.10.2012.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Brukaravtale for forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune Bygge- og eigedomstenesta og Sogn og Fjordane fylkeskommune Dale vidaregåande skule*, 12.12.2014.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Budsjett 2012 – Oppdragsbrev bygge- og eigedomstenesta*, 24.01.2012.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Budsjett 2015/ Økonomiplan 2016*, 2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Budsjett for vedlikehaldsarbeid, universell utforming og utbetring av inneklimatei fylkeskommunale skulebygg for 2012, 2013, 2014 og så langt i 2015*, 2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Bygge- og eigedomsforvaltninga – felles organisering for driftsteknisk personell*, notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, 12.06.2014.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Dialogmøte Bygge- og eigedomstenesta (presentasjon)*, 08.09.2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Elevundersøking haust 2014*, sist oppdatert 30.06.2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Kartlegging universell utforming, Tiltaksrapport*, 12.03.2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Landtidsbudsjett, Vedlikehald i perioden 2015-2023*, 2015.

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Møtereferat vedlikeholdssynfaring Årdal vgs*, 20.03.2014.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Nøkkelinformasjon bygg*, sist oppdatert 27.10.2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Referat driftsmøte Bygge- og eidegdomstenesta*, 15.01.2015.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Reknearkutdrag: Arbeidsplan for bygg- og eidegdomstenesta*, 2015
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Tilstandsbarometeret 2013*, 03.07.2013.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Utdrag frå elevundersøking – fysisk arbeidsmiljø i Sogn og Fjordane og nasjonalt 2012-2014*, ikkje datert.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, *Vedlegg om elevane sitt skulemiljø*, sist endra 06.01.2014.

Andre dokument og litteratur

- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009-2013, 2009.
- Helse- og omsorgsdepartementet, Om godkjenning av barnehager og skoler etter regelverket for miljørettet helsevern. Rundskriv I-2012-1, 25.1.2012
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Gode bygg for eit betre samfunn, Meld. St. 28 (2011-2012).
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Om lokaldemokrati, velferd og økonomi i kommunesektoren 2007 (kommuneproposisjonen), St.prp. nr. 61 (2005-2006).
- KS, Betre eiendomsforvaltning og vedlikehold: En veileder for folkevalgte og rådmenn, 2009.
- Kunnskapsdepartementet, Om lov om endringar i lov 17.juli 1998 nr.61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, Ot.prp. nr. 72 (2001-2002).
- Statens helsetilsyn, Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v., 07.1998.

Nettsider

- www.lovdatab.no
- www.regjeringen.no
- www.sfj.no
- www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see www.deloitte.no for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

© 2016 Deloitte AS